

## INNHALD

### NORSK NAMNELAG

B. Helleland: Fritt fram for Tyin (leiar 1) .....	3
G. Akselberg: Kinofilmar – namn og nemne (leiar 2) .....	4
A. Svanevik: Styremøte i Norsk namnelag .....	5

### NAMNEKONSULENTTENESTA

T. Larsen: Klagenemnda for stadnamnsaker .....	6
Samrådsmøte for namnekonsulentane 2002 .....	8
Nytt frå namnekonsulentane i Nord-Noreg .....	8

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

Andebusokninger ergrer seg over nye veinavn .....	9
Tildeling av offisiell adresse .....	10
I. Utne: Navn på gårdsbruk som etternavn .....	14
Ny lov om personnavn vedtatt .....	22

### NORNA

NORNA-nytt .....	22
T. Schmidt: NORNAs 31. symposium. Nordiske <i>torp</i> -navne .....	23

### ICOS-NYTT

ICOS-møte i Wien mars 2002 .....	26
Stor interesse for ICOS-kongressen i Uppsala .....	26

### FN-NYTT

FNs 8. stadnamnkonferanse i Berlin .....	27
--	----

### ANNA MELDINGSSTOFF

Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking 2003 .....	28
B. Helleland: Gulbrand Alhaug 60 år .....	29
K. Bakken: Norsk Ordbok 2014 .....	30
K. Lien: Kartfolk skolerer seg i stedsnavn .....	31
Svensk pris til norsk namnegranskar .....	31
Ny professor i namnegransking .....	32

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

E. Hjelme: Tankar kring prosjektet «Stadnamn på Hjelma-gardane i Valldal» .....	32
K. Kruken: Sophus Bugge til Amund B. Larsen .....	34
K. Kruken: Guro og Guri i selbutradisjon .....	36
M. Myhren: Mannsnamn-formene Steidn og Sveidn .....	37
L. K. Pharo: Personnavn og stedsnavn i pre-kolumbianske kulturer i Mesoamerika .....	39

### BOKOMTALAR

B. Helleland: Tysk atlas over slaviske namnetypar .....	42
---	----

B. Helleland: Forska i namn .....	42
OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER	
I. Utne: Navn i tospråklige familier .....	43
M. Harsson: Alder og namn på gardar i Fusa kommune .....	45
M. Harsson: Namn på bortkomne gardar .....	47

## NORSK NAMNELAG

### FRITT FRAM FOR TYIN (leiar 1)

Den nye personnamnlova vart vedteken av Lagtinget 18. april 2002 og passerte statsråd 7. juni, men vert ikkje sett i verk før i 2003. Lova er i hovuddrag vedteken slik eit arbeidsutval har gjort framlegg om. Ho opnar for ein meir liberal praksis når det gjeld å ta namn, særleg etternamn, enn den lova som enno gjeld, som på si side er eit langt steg frå den fyrste personnamnlova i 1923. Samfunnet har endra seg sterkt gjennom det hundreåret som ligg bak oss, og det er rimeleg at lovverket tilpassar seg den nye situasjonen med meir uforpliktande samlivsformer og auka internasjonalisering. Og det må seiast at lova er godt nytt for språklege minoritetsgrupper med tanke på utvida høve til å fylgja tradisjonelle namnemønster. At ein kan ta besteforeldra (og jamvel olde- og tippoldeforeldra) sine slektsnamn som etternamn, er med på å festa trådane mellom generasjonane. Eg ser det òg som ei vinning at bruksnamn i normert form kan takast som etternamn og ikkje berre skrivemåten i grunnboka. Derimot undrast eg på om det er minska tillit til norsk språk som gjer at lova kan godta ein skrivemåte som *Saetre* for det norske namnet *Setre/Sætre*.

Sjølv om lova på fleire felt peikar i god lei, har ho gjort eit vegval som det burde ha vore meir diskusjon om før ein kom så langt. Arbeidsgruppa som har laga lovframlegget, og altså no i vår, Stortinget, har nemleg hatt prinsippet om fri bruk av namn som utgangspunkt. Dette bryt med det prinsippet som rådde i den fyrste personnamnlova, nemleg tradisjonsprinsippet.

Alt slik lova er i dag, har ein svekt den slektstilknyttinga etternamnet har hatt, men tendensen i det nye framlegget går mot fullt frislepp. Ein treng ikkje vera bakstreversk for å stilla seg tvilrådig til dette. Samarbeidsnemnda for namnegransking har gått imot framlegget om å setja grensa for fritt å ta etternamn til namn som har 200 namneberarar og meiner ein bør halda på ei grense på omkring 500 som no. Eg ser det ikkje som avgjerande å halda på det eksklusive vernet som er knytt til mange namn, men eg er uroleg overfor ein prosess som stadig meir utholar den praksisen som den nedervde namnebruken kviler på. Sjølv om Noreg meir og meir er prega av urbane livsformer, har ein stor del av folket etternamn knytte til den staden dei sjølve eller tidlegare slektsledd har kome frå, og dette mønsteret bør ein sjå på som ein verdifull kulturell faktor. Og når det nærast skal vera fritt fram å ta stadnamn og jamvel kjende naturnamn som *Bygdin*, *Gjende* eller *Tyin* til

etternamn (men visst nok ikkje *Galdhøpiggen*), er det ein del nordmenn som vil kjenna det som eit overgrep mot ein felles stadnamnarv. Og det at den som er fyrst ute til å ta slike namn, får einerett på dei som slektsnamn, vil kjennest enno verre.

Den nye personnamnlova byggjer på den individuelle fridomen. Det er eit godt prinsipp. Men har lovgjevarane på same måte hatt omsynet til fellesskapet i tankane? Eg trur ikkje det. Nok ein gong kjem namnevernet og kulturarven til kort.

Botolv Helleland  
[botolv.helleland@inl.uio.no](mailto:botolv.helleland@inl.uio.no)

## KINOFILMAR – NAMN OG NEMNE (leiar 2)

Dei kommunale kinomatografane i dei større norske byane set kvar sommar i gang ein kampanje for å få fleire til å gå på kino medan sola smeltar asfalten utanfor, eller medan regnet piskar mot dei store glaskassene som vernar fargerike og vakkert glansa kinoplakatar. I sommar kan dei som vil kosa seg innomhus i kinomørkret velja mellom eit rikt og spanande utval filmar som t.d.: *Spider-Man*, *Star Wars*, *Monster's Ball*, *Spy Game*, *Blade II*, *The 51<sup>st</sup> State*, *Panic Room*, *The Others*, *Mortal Transfer*, *Hart's War*, *The Iron Ladies*, *The Royal Tenenbaums*, *Gaudi Afternoon*, *Gosford Park*, *Bella Martha*, *Restless* og *Mulholland Drive*. Ein får lyst å gå på kino berre ved å sjå desse titlane. Ein treng ikkje kjenna noko særleg til handlinga, budskapet, manuset, regissøren eller skodespelarane. Ja, berre klangen av titlane gjev meg lyst til å sjå kvar einaste ein. Nokon har eg alt sett: *Star Wars*, *Gaudi Afternoon* og *Gosford Park*. Dét var gode opplevingar, og eg trur nesten det var mest på grunn av titlane. I kveld skal eg forresten sjå *Spider-Man*, ein flott tittel, synest eg.

Det går nokre andre filmar i sommar òg, men dei har så trøytt titlar at eg har bestemt meg for ikkje å sjå dei: *Og mora di også*, *Istid*, *Ringenes Herre*, *40 dager og 40 netter*, *Caprinos klassikere*, *Emil i Lønneberget*, *Monsterbedriften*, *Folk flest bor i Kina*, *Midt i mellom*, *Den fabelaktige Amelie fra Montmartre* og *Et vakkert sinn*. Eg vert nesten dårleg når eg ser slike titlar; dei gjev meg ikkje noko. Dei som vil sjå slikt, må sjølvsagt stå fritt til det, men filmar med slike titlar fortener eit lite publikum.

Eg veit ikkje kven det er som fastset titlane på utanlandske filmar som vert viste i norske kinomatografar, og eg kjenner heller ikkje til kva for retningsliner som ligg til grunn for dette arbeidet, men dei gjer nok sitt beste for å gjennomføra prosjektet sitt. Det står enno litt att, og når kino-

gjengarane får servert titlar som *Og mora di også*, *Istid*, *Ringenes Herre*, *40 dager og 40 netter*, *Caprinos klassikere* og *Emil i Lønneberget*, er det mest for ei fornærming å rekna.

Men det er håp. Det er mykje å læra m.a. av den danske filmregissøren Lars von Trier. Med filmen *Breaking the Waves* fekk vi ikkje berre eit gjennomslag for engelsk dialog i skandinavisk film vist på heimemarknaden, noko August Bille hadde gjort det bra med då han filmatiserte Isabel Allendes roman *Ånden hus* for verdsmarknaden (tenk denne tittelen vart også nytta som filmtittel her heime!), men *Breaking the Waves* representerte også eit gjennombrot for den nye titteltradisjonen i Skandinavia. Det gjer umåteleg godt å vita at det er stor von om å kunna koma seg opp og ut av den norske nisseluepolitikken – også innom filmkulturarbeidet.

Stor takk til dei som arbeider trottugt med å heva tittelnivået på filmane som vert viste i norske kinomatografar. Det skulle ha vore moro å møte nokre av desse pionerane for å høyra kva prinsipp dei arbeider etter. Kultur-Noreg burde vera dei stor takk skuldig.

Good summer!

Gunnstein Akselberg  
[gunnstein.akselberg@hf.uib.no](mailto:gunnstein.akselberg@hf.uib.no)

## STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde møte 19. juni 2002 på Universitetet i Oslo. Møtet ble ledet av styreren Gunnstein Akselberg. Under punktet ”Melding frå styraren” sa han at det fremdeles er for dårlig tilgang på artikkelmanus og bokmeldinger til *Namn og Nemne*. Alle i navnemiljøet oppfordres til å skrive og til å oppmuntre andre til å skrive. Akselberg fikk tilslutning til forslaget om å engasjere profesjonell hjelp på Universitetet i Bergen til å lage en hjemmeside for Namnelaget på Internett. Ellers opplyste han at den nåværende NORNA-komiteen sitter ut våren 2003, og at det deretter er Norges tur til å ha sekretariatet.

Mesteparten av innholdet for *Namn og Nemne* nr. 19 og *Nytt om namn* nr. 35 var på plass. *Namn og Nemne* nr. 19 utkommer sannsynligvis midt i høstsemesteret. Styret oppfordret redaksjonen for *Nytt om namn* til å innarbeide en rutine med fortløpende omtaler (beskrivende, ikke vurderende) av innleverte hovedfagsoppgaver i navnegransking.

Namnelaget har nå 390 medlemmer. Den økonomiske situasjonen er bra. For å verve flere medlemmer foreslo styret å lage et flygeblad som sendes

til bestillerne av Norsk Ordbok. Styret kommer antakelig til å foreslå en kontingentøkning (kompensasjon for prisstigningen) på neste landsmøte 9. mai 2003. Landsmøtet arrangeres i samband med Den 10. nasjonale konferansen i navnegransking på Blindern, der temaet er *Gustav Indrebø som namnegranskar*.

Akselberg refererte fra NORNA-møtet i Jaruplund (Sør-Schleswig) i slutten av april 2002, orienterte om planlagte konferanser (Shetland mai 2003 med tema *Navn i Nordsjø-området* og Utstein kloster 2004 med tema *-staðir-navn*), og fortalte at rapportene fra Skálholt- og Svidja-konferansene er like rundt hjørnet. Ellers ble det opplyst at Kjell Venås' bok om innsjønavn i Telemark straks kommer i salg.

Anne Svanevik  
[anne.svanevik@statkart.no](mailto:anne.svanevik@statkart.no)

## NAMNEKONSULENTTENESTA

### KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Sidan 1993 har sekretæren for klagenemnda for stadnamnsaker publisert vedtaka i *Nytt om namn*, fyrste gongen i nr. 19 (1994) og seinare i annakvart nummer av bladet (nummer med oddetal). Nedanfor følgjer oversyn over dei sakene som klagenemnda har behandla ferdig i perioden august 2001 til juni 2002.

	Namn, kommune, fylke	Klagars ønske	Vedtak i klagenemnda
1	Draksten, Selbu, STr.	Dragsten	Draksten
2	Hanekamhaugen, Rauma, MøRo.	Hanekamhaug	Hanekamhaug
3	Hjelvika, Rauma, MøRo.	Hjelvik	Hjelvika
4	Torvika, Rauma, MøRo.	Torvik	Torvika
5	Nørvika, Rauma, MøRo.	Norvik	Norvika
6	Breivika, Rauma, MøRo.	Brevik	Breivika
7	Stangarneset, Rauma, MøRo.	Stangenes	Stanganeset
8	Skorga, Rauma, MøRo.	Skorgen	Skorga
9	Grøttøra, Rauma, MøRo.	Grøttøren	Grøttøyra
10	Remma, Rauma, MøRo.	Remen	Remma
11	Frisvoll, Rauma, MøRo.	Frisvold	Frisvoll
12	Devoll, Rauma, MøRo.	Devold	Devoll
13	Mjelva, Rauma, MøRo.	Mjelva	Mjelva
14	Venja, Rauma, MøRo.	Venge	Venja

15	Venjastaua, Rauma, MøRo.	Vengestuen	Venjastua
16	Rygjerd, Rauma, MøRo.	Rydjord	Rygjerd
17	Brue, Rauma, MøRo.	Brude	Brue
18	Brøstet, Rauma, MøRo.	Brøste	Brøstet
19	Griset, Rauma, MøRo.	Gridset	Griset
20	Litller, Trondheim, STr.	Lilleleer	Litller
21	Løvåsen, Trondheim, STr.	Løvås	Løvåsen
22	Movollen, Trondheim, STr.	Movold	Movollen
23	Migan, Hammerfest, Fm.	Mian	Migan
24	Mignasen, Hammerfest, Fm.	Minasen	Mignasen
25	Skjeldbreia, Lierne, NTr.	Skjelbred	Skjeldbreia
26	Skjeldbreivatnet, Lierne, NTr.	Skjelbredvatnet	Skjeldbreivatnet
27	Ingelsvatnet, Lierne, NTr.	Ingulfsvatn	Ingelsvatnet
28	Tossåsen, Lierne, NTr.	Totsås	Tossåsen
29	Åtnes, Aurland, SoFj.	Otternes	Åtnes
30	Flota, Hå, Rog.	Flådå	Flåda
31	Ronga, Hå, Rog.	Rongjå (kommunen) Rangen (eigarane)	Ronga
32	Tua, Hå, Rog.	Tuå	Tua
33	Mågatoa, Hå, Rog.	Mågatåna	Mågatåna

## Nokre opplysningar til oversynet:

### Namnetypar

Dei fleste sakene gjeld *bruksnamn*. Sakene 23, 24, 26, 32 og 33 gjeld *naturnamn*, medan sak 27 gjeld eit namn som er både *bruksnamn* og *naturnamn*.

### Vedtaksorgan

Statens kartverk har vore vedtaksorgan i alle sakene.

### Klagar

Eigarar står som klagar i 21 saker. I fem saker har både eigarar og kommune klaga, medan ein kommune står som klagar i dei resterande sju sakene.

### Medhald/ikkje medhald

Klagar har fått medhald i to saker (sakene 2 og 13). I tre av sakene har klagar fått delvis medhald (sakene 5, 30 og 33). I tre saker gjorde nemnda nytt vedtak (sakene 7, 9 og 15). I sak 9 var det nye vedtaket i samsvar med tilrådinga frå namnekonsulentane. Også i sakene 7 og 15 hadde konsulentane opna for vedtaket som klagenemnda gjorde.

**Dissensar i nemnda**

I 31 av dei 33 sakene var vedtaket samrøystes. Sak 13 vart vedtaket gjort med dobbelrøysta til leiaren, medan i sak 9 var røystetalet tre mot ein.

Terje Larsen  
[terje@sprakrad.no](mailto:terje@sprakrad.no)

**SAMRÅDINGSMØTE FOR NAMNEKONSULENTANE 2002**

Det årlege samrådingmøtet for namnekonsulentane blir i år halde i Trondheim 19.–20. september. På grunn av den stramme økonomiske situasjonen i Kartverket blir det ikkje noko fellesmøte med dei namneansvarlege på fylkeskartkontora denne gongen, men det er planlagt eit møte med namnerådet i Kartverket, som også har møte i Trondheim på same tid.

Terje Larsen

**NYTT FRÅ NAMNEKONSULENTTENESTA I NORD-NOREG**

Astrid Sann Evensen begynte 1.4.02 som sekretær for namnekonsulentane for norskspråklege namn i Nord-Noreg etter Eldar Heide, som har fått forskingsstipend. Astrid er 26 år og hovudfagsstudent i nordisk med namnegransking som hovudemne.

Frå 1.1.02 vart den samiske namnekonsulenttenesta overført frå Norsk språkråd til Sametingets språkavdeling. Kaisa Rautio Helander som har vore sekretær i denne tenesta frå 1991, har fått forskingsstipend og har sluttet, og det blir arbeidd med å finna ein etterfølgjar. Kaisa har gjort ein stor og verdfull innsats i arbeidet med å leggja det samiske stadnamnmaterialet til rette slik at det kan nyttast av det offentlege i samsvar med intensjonane i Lov om stadnamn.

Den finske konsulenttenesta høyrer framleis inn under Norsk språkråd. Frå 1.4.02 og ut året fungerer Irene Andreassen både som sekretær (20 %-stilling) og som timebetalt konsulent.

Terje Larsen



## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### **ANDEBUSOKNINGER ERGRER SEG OVER NYE VEINAVN**

Kjære statens navnekonsulenter!

Andebu kommune er i ferd med å innføre nye veinavn og husnummer i bygda. En del av oss «gamle» andebusokninger ergrer oss over dette. Det å få ny adresse reagerer vi på, som det heter for tiden. Det verste er imidlertid at de gamle gårdsnavn står i fare for å forsvinne med årene. Bygda har mange nye innbyggere, de fleste bor i nye boligfelt, og har liten historisk tilknytning til gamle Andebu. Fjerning av gårdsnavnene i adressesammenheng vil ytterligere forsterke dette. Jeg ser for meg en annen adresse-mulighet, nemlig å benytte grendenavn og heller nummerere husene grendevis, istedenfor å få Andebuveien med husnummer som nærmer seg tusentallet. Det er vanskelig å få gehør for slike tanker, en blir nærmest sett litt rart på, alt er jo lettest hvis det blir A4, slik som alle andre har det. Finnes det noen kommune i Norge som har innført adresser etter gårdsnavn eller grendenavn, istedenfor lange veier med husnummer? Hvis så, skulle jeg gjerne vite hvor.

Gunnar Gallis  
Andebu

Kjære Gunnar Gallis,

Jeg viser til brevet ditt til Navnekonsulenttjenesten for Østlandet og Agderfylkene der du etterlyser andre måter å gi adressenavn på enn navn på vei pluss husnummer. I samsvar med den nåværende delingsloven har Miljøverndepartementet fastsatt at hver bolig skal ha adresse til offentlig kjørevei, og det har ført til at en også på landsbygda i stor grad har fått gjennomgående nummerering etter et adressesystem som bryter med det som har

vært innarbeidet i daglig bruk. En viktig årsak til dette er at det skal være lett for ukjente å finne fram, og det gjør en utvilsomt etter et enhetlig adressesystem knyttet til gjennomgående veier. Men mange lokalfolk har reagert på dette og mener som du at det er et A4-system som fører til at gamle gardsnavn og andre lokale stedsnavn blir borte.

Der forholdene ligger til rette for det, har en del kommuner innført nummerering etter navnet på gården eller grenda, men hovedsaklig er gjennomgående veier lagt til grunn for nummereringen. Etter vårt syn burde lokale stedsnavn utnyttes i langt større grad når det gis navn i forbindelse med adressetildelingen. En kan bøte på dette til en viss grad ved å bruke mer aktivt gardsnavn og andre nedarvede stedsnavn i skilting og adressering i tillegg til vegadressen.

Et offentlig utvalg har lagt fram forslag til ny lov om eiendomsregistrering, og det mener at kulturhistorisk viktige stedsnavn bør kunne gå inn som del av den offisielle adressen, se nedenfor. Loven har ennå ikke vært oppe i Stortinget.

Botolv Helleland  
navnekonsulent

## **TILDELING AV OFFISIELL ADRESSE**

### **Kapittel 29 Forslag til lov om eiendomsregistrering**

*Nytt om namn gjev her att kapitel 29 frå NOU 1999: 1 Lov om eiendomsregistrering. Om et forbedret eiendomsregister og forslag til ny lov om eiendomsregistrering til erstatning for delingsloven. Utredning fra et lovutvalg oppnevnt 15. januar 1996. Avgitt til Miljøverndepartementet 25. januar 1999.*

Tildeling av offisiell adresse er eit viktig spørsmål for bruken av stadnamn i offentlege register og i samfunnet elles. Lovframlegget opnar for å ta i bruk nedervde stadnamn (bruksnamn) i tillegg til gateadressa. Mange vil helse dette velkome. Men ein bør merkja seg at det er eigaren som må krevja å få inn dette tilleggsnamnet, og at dette gjeld berre gamle bruksnamn. Dette punktet vil ha mykje å seia for å halda oppe kjennskapen til tradisjonelle stadnamn. Like viktig er det at grunneigarane vert gjorde merksame på denne retten, og at kommune og stat fylgjer opp.

*Red. har for eiga rekning kursivert nokre*

*særleg viktige tekstavsnitt nedanfor.*

## **29.1 Innledning**

Offisiell adresse består av vegnavn, gatenavn eller områdenavn, med tillegg av husnummer, og er knyttet til eiendom, bygning, oppgang eller et område. Offisiell adresse er i dag registrert i GAB og skal inngå i matrikkelen. I områder der det ikke er tildelt offisiell adresse brukes matrikkelnummeret som adresseidentifikasjon i forskjellige registre.

Utvalget drøfter i dette kapitlet om det er behov for å endre gjeldende regler for tildeling av offisiell adresse. Utvalget har spesielt vurdert om bruksnavn som har kulturhistorisk verdi bør kunne inngå i adressen.

## **29.2 Gjeldende rett**

Den offisielle adressen angir beliggenheten for eiendommer og bygninger innenfor kommunen, og denne må ikke forveksles med andre adressebegreper som for eksempel postadresse, som er en leveringsadresse. Den offisielle adressen er ofte en del av postadressen, men postadressen har i tillegg et postnummer og et postnavn. En postadresse kan også bestå bare av et postboksnummer, postnummer og poststedsnavn.

Hovedformålet med å tildele offisielle adresser, kombinert med skilting og kartfesting, er å gjøre det praktisk mulig å finne fram til eiendommer og personer eller aktiviteter knyttet til disse. En entydig og presis offisiell adresse er med andre ord viktig for besøkende, drosjer, elektrisitetsverk, postverk, televerk, varetransport, brannvesen, politi og sykefrakt. Statens kartverk har i samarbeid med kommunene satt i gang et prosjekt for å koordinatfeste alle adresser i GAB. Dette vil blant annet bli en viktig faktor i oppbyggingen av geografiske informasjonssystemer. Betydningen av adresser og stedfestet informasjon øker stadig, og dette krever et standardisert opplegg for tildeling, registrering og vedlikehold av adresser. Det er et betydelig problem at offentlige registre til dels bruker forskjellige adresser for det samme objektet.

I NOU 1977: 46 ble det avgitt en egen utredning om tildeling av adresser, og denne danner grunnlaget for gjeldende rett. Dagens bestemmelser om tildeling av offisielle adresser går fram av delingsloven §4-1 og forskriftenes kapittel 15 med tilhørende kommentarer. Dessuten er det utgitt to håndbøker i adressetildeling.

Det er kommunen som har ansvaret for tildeling, herunder navnsetting av offisielle adresser, nummertildeling og adressemeldinger til GAB. Kom-

munen har også ansvaret for skilting av veg og gater, og å påse at bygningene får nummerskilt. Skrivemåten av veg- og gatenavn reguleres av lov om stadnamn.

Av landets ca. 2.8 millioner eiendommer er det i dag (1998) ca. 1.1 millioner som er tildelt offisiell adresse.

I områder der tildeling av offisiell adresse gjennomføres, skal adresse tildeles bygninger som brukes til boligformål, fritidsformål, næringsvirksomhet, offentlig virksomhet og annen virksomhet som tjener et større publikum så langt det er hensiktsmessig. Tilsvarende skal ubebygde eiendommer som er planlagt bebygd med bygninger til slike formål tildeles offisiell adresse.

Når kommunen innfører offisielle adresser, har dette medført at gårdsnavn som tidligere var en del av adressen ikke blir en del av den offisielle adressen. Det har ført til noen protester, blant annet fra bondeorganisasjonene.

Hver vegstrekning eller område som blir brukt til adressering, skal tildeles et navn som er entydig innenfor kommunen. Valg av adressenavn er et politisk vedtak i kommunen og kan ikke påklages. Skrivemåten av adressenavna reguleres av lov om stadnamn.

I områder der det skal tildeles offisielle adresser, bør disse tildeles i forbindelse med at det gis tillatelse til å føre opp bygning eller anlegg som skal ha egen adresse. Adresse skal også tildeles i forbindelse med delingsforretning, dersom det er bestemt at ubebygde tomter i området skal ha offisiell adresse.

Kommunen kan endre tidligere tildelte adresser, der det er nødvendig for å oppnå klarere og mer entydige adresser. Kommunen skal sende melding til hjemmelshaver og eventuell fester ved endring av adresse. Det er også viktig at det er god kontakt med sentrale adressebrukere, blant annet televerk, postverk og folkeregister, for å få en tilfredsstillende og lik praksis.

Tildeling av adresse er å betrakte som enkeltvedtak og kan påklages. Tildeling av husnummer kan under visse omstendigheter også påklages.

### **29.3 Forslag til nye bestemmelser om tildeling av offisiell adresse**

Utvalget foreslår i all hovedsak å videreføre gjeldende bestemmelser for tildeling av offisielle adresser. Det er likevel hensiktsmessig å foreta enkelte endringer. Utvalget har drøftet å innføre begrepet stedsadresse istedenfor offisiell adresse, men «offisiell»-begrepet er så godt innarbeidet at det bør videreføres i den nye loven.

*Utvalget mener at det bør være anledning til å føre inn visse navn som del av den offisielle adressen i tillegg til gate- eller vegnavn. Utvalget foreslår derfor at eier skal kunne kreve at bruksnavn innføres i matrikkelen som en del av den offisielle adressen. Bruksnavn er navn på eiendom, og er registrert i GAB. Etter ikrafttreden av delingsloven er det ikke lenger anledning til å tildele nye bruksnavn. Utvalget mener imidlertid at det ikke er hensiktsmessig å åpne for at hvilket som helst bruksnavn skal inngå i adressene, fordi det innebærer kostnader å registerføre, vedlikeholde og bruke lange adresser. Utvalget mener at adgangen til å kreve navn registrert som del av adressen bør begrenses til bruksnavn som har kulturhistorisk verdi. En foreslår derfor at bare bruksnavn som faller inn under bestemmelsen i §5 annet ledd i lov om stadnamn skal kunne kreves registrert som del av den offisielle adressen. Dette er navn som språklig og geografisk faller sammen med nedarvede stedsnavn. Etter denne bestemmelsen vil det være Statens kartverk som i medhold av lov om stadnamn fastsetter om det er et slikt navn som kan kreves tatt inn i adressen, og skrivemåten.*

Utvalget foreslår at også andre navn, herunder navn som ikke er bruksnavn, kan registreres som del av adressen, men bare når kommunen bestemmer det. En tenker her spesielt på navn på institusjoner og lignende som det er naturlig å bruke som del av adressen. For navn som ikke kommer inn under annet ledd i §5 i lov om stadnamn er det grunneier eller fester som bestemmer skrivemåten. Dersom kommunen skulle avslå å føre inn et navn som del av adressen, vil dette måtte regnes som enkeltvedtak som kan påklages.

Utvalget foreslår i §41 at eiendom eller bygning skal ha adresse til den veg eller gate som eiendommen eller bygningen har hovedatkomst fra. Dette slår fast gjeldende praksis, men er ikke tidligere nedfelt i lovs form.

Av §5 annet ledd i lovforslaget går det fram at det er matrikkelen som angir de offisielle adressene. Det er viktig og hensiktsmessig at offentlige registre bruker den adressen som er registrert i matrikkelen. Utvalget har foreslått en slik pliktregel i lovforslagets §42. Dette er nærmere omtalt i kapittel 12 om matrikkelsystemet.

## **29.4 Oppsummering**

Utvalgets viktigste forslag om offisielle adresser er:

- Gjeldende bestemmelser om tildeling av offisiell adresse videreføres.
- Det slås fast at offisiell adresse er adresse som er registrert i matrikkelen.

- *Hjemmelshaver får rett til å kreve at bruksnavn som har kulturhistorisk verdi inngår og registreres som del av den offisielle adressen. Hvilke navn dette er bestemmes av lov om stadnamn.*
- Kommunen kan bestemme å føre inn andre navn som del av adressen.
- Offentlige registre som inneholder offisiell adresse, skal bruke den adressen som er oppført i matrikkelen.

## NAVN PÅ GÅRDSBRUK SOM ETTERNAVN

### 1. Innledning

Med den nye personnavnloven vil det bli utvida muligheter til å få etternavn av navnet på gårdsbruk som en har tilknytning til. I praksis betyr det flere forskjellige skrivevarianter, både gamle og moderne. Den nye loven ble sanksjonert i statsråd 7.6.2002 og trer i kraft i 2003. Før vi ser mer på den, skal vi summere opp ordningene før den nye loven trer i kraft.

I denne framstillinga blir «etternavn» brukt om det som i personnavnlovene fra 1923 og 1964 kalles «slektsnavn», dvs. et fast etternavn i familien. Dette tilsvarer bruken av termen «etternavn» i den nye personnavnloven. Termen «gårdsnavn» blir i stedsnavnjussen gjerne brukt om navnet på den gården som gårdsbruk, ofte kalt bruk, er skilt ut fra. Det er navn fra slike bruk, dvs. «bruksnavn», som folk kan ta til etternavn ifølge personnavnlovene.

### 2. Gjeldende lov

Bestemmelsen om hvilke bruksnavn en kan få nå, blir bestemt av hvor lenge en har hatt tilknytning til bruket, og hvilke kilder en kan hente gyldige navneformer fra. En del andre bestemmelser om hvem i familien som kan få navnet, og størrelsen og måten bruket drives på, lar jeg ligge her.

#### 2.1. Tilknytning

Tilknytning til et bruk er oppnådd når en enten har eid det i 10 år, har livstidskontrakt og vært bruker i 10 år, eller på annen måte har leid og brukt det i 20 år. Dette gjelder for søkeren eller søkerens foreldre.

Med den første navneloven i 1923 kunne en få bruksnavnet som etternavn allerede når en kjøpte bruket. Grunnen var at et viktig formål med loven var å få etablert faste etternavn. Denne måten å få etternavn på hadde vært en vanlig praksis før loven.

I navneloven fra 1964 ble det krevd 5 års eie, fordi en ville sikre at det var en særlig tilknytning, og at det ikke skulle være lett å kjøpe seg til et beskytta etternavn (Utvalgsinnstillinga fra 1960, s. 30). Bestemmelsen gjaldt fortsatt bare dem som ikke hadde faste etternavn.

Ved lovendringer i 1979 regna en med at folk flest hadde faste etternavn. Fra da av fikk også de som hadde faste etternavn fra før, skifte til et etternavn bygd på et bruksnavn. Eiekravet ble forlenga til 10 år. Samtidig ble kravet om tidligere brukstid forkorta fra 20 til 10 år ved livsvarig bruksrett. (*Ot.prp. 43 (1978–79)*, s. 23–24, 44, 87, 94–95).

## 2.2. Navneformer

De navneformene en får bruke nå, er de som står i matrikkelen (eiendomsregister) fra tida rundt 1903–1907 og i grunnbøkene (oppdaterte eiendomsopplysninger) som ble etablert i 1936, og som i noen tilfeller har fått endra navneformer senere. I praksis var matrikkelformene fornorska former som ofte brøt med tidligere danskpåvirka skrivemåter, f.eks. *Tveit* for *Tvedt* og *Eik* for *Eg*. I grunnbøkene kunne eldre former komme inn i noen tilfeller. Grunnen var ofte at de som førte bøkene ikke kjente matrikkelformene, eller det var fordi de eldre formene var i vanlig bruk. Som et eksempel har mitt barndomshjem i Onsøy i nåværende Fredrikstad den fornorska forma *Øtne*, bygd på talemål, i matrikkelen og den gamle forma *Utne* i grunnboka.

Med den første navneloven i 1923 var det matrikkelforma som skulle brukes for dem som ikke allerede hadde et innarbeida etternavn. Det kunne gjøres mindre endringer i navneforma dersom navnet ikke ble likt et annet beskytta etternavn (Lundh: *Navneloven*, 1924, s. 31).

Slik var det til midten av 1980-åra. Austbø, som arbeidde med navnesaker i Justisdepartementet (JD), åpna i sin kommentar til personnavnloven for at en kunne bruke former fra grunnboka dersom de hadde stått lenge uendra (*Navneloven*, 1986, s. 78). I JDs *Rundskriv G-150/91*, s. 34, fra 1991, omtales bare former fra grunnboka. Dagens praksis er at en kan velge former fra matrikkelen eller grunnboka (*NOU 2001: 1 Lov om personnavn*, s. 106, pkt. 8.7). Dessuten vil en kunne legge vekt på en «entydig, konsekvent og langvarig» bruk av en navneform, slik det har blitt lagt til grunn i en høyesterettsdom om navnet *Moestue* (*Norsk Retstidende* (= Rt.) 1975, s. 747; *NOU 2001: 1*, s. 106).

I dag kan en med strenge begrensninger få fornorska former av bruksnavn en har tilknytning til. Dette blir nevnt første gangen i 1991 og blir eksemplifisert med ei endring som *Østerøen* til *Østerøy*. Slikt blir vurdert etter unntaksbestemmelsen (§ 9, nr. 6), der det blir stilt krav om *tilknytning* til navnet, og at det er *viktig* for søkeren å få det. Hvordan dette kravet om viktighet kan bli oppfylt, er det ikke klare regler for. Men det er rimelig å oppfatte det slik at en må ha brukt navnet i minst 10 år i den ønska forma før en får godkjent navnet offisielt. (*Rundskriv G-150/91*, s. 37–38.) Dette kan godt være navneformer som allerede er beskytta for andre.

### 2.3. Forholdet til deleloven

Noen kan ønske å ta i bruk et etternavn etter et bruksnavn som er i strid med deleloven, tidligere kalt skylddelingsloven. Den loven har siden 1923 hatt en bestemmelse om at det er forbudt å ta et nytt bruksnavn som viser seg å være likt et beskytta etternavn. På den måten skulle det være unødvendig å ha en bestemmelse om slike navn i personnavnlovene både fra 1923 og 1964. Men slike bruksnavn ble godkjent ved en feil i noen tilfeller. I forbindelse med revisjonen av personnavnloven i 1979 ble dette innskjerpa med administrative tiltak, men ikke med noen lovformulering. (*Ot.prp. 43 (1978–79)*, s. 24 og 95; Austbø, s. 79.)

JD opplyste i *Ot.prp. 57 (1984–85)*, s. 18, at de hadde avslått etternavn som folk ønska med grunnlag i bruksnavn som var tatt i strid med deleloven. På bakgrunn av dette vedtok Stortinget en bestemmelse i personnavnloven i 1985 om forbud mot å ta slike etternavn (i § 9, nr. 4). Det ble satt ei tidsgrense, slik at det bare var slike navn tatt etter 1.1.1947 som ble nekta som etternavn. Dette er tidspunktet for opprettelsen av folkeregistre, og alle etternavn som var registrert før det, kan ikke tas fra folk. (*Ot.prp. 31 (2001–2002)*, s. 49, kommentar til § 9, nr. 8, 2. punktum; Austbø, s. 78–79.)

Bestemmelsen i deleloven ble endra i 1990, slik at en kan gi bruk navn som faller sammen med beskytta etternavn når navnet har gammel tilknytning til eiendommen (*Ot.prp. 31 (2001–2002)*, s. 49). I tilfeller der slike bruksnavn er godkjent etter at den nye bestemmelsen trådte i kraft, blir de godtatt som etternavn etter den gjeldende personnavnloven (§ 9, nr. 4).

## 3. Ny lov

### 3.1. Hovedreglene

Med 2002-loven er tilknytningskravet det samme som nå. Folk som oppfyller kravet, kan fortsatt velge mellom matrikkelform eller det som står i



grunnboka (*NOU 2001: 1*, s. 106). Dessuten kan de få bruksnavn som har blitt normert etter stedsnavnloven som trådte i kraft 1.7.1991.

I tillegg kan bruksnavn som er normert etter de kongelige resolusjonene fra 1933 og 1957 (omtalt i *NOU 1983: 6*, s. 40–41) og ikke er behandla på nytt etter 1991-reglene, tas som etternavn.

Men også den nye loven har forbud mot å ta etternavn etter bruksnavn innført i strid med deleloven. Det er likevel to forskjeller mellom gjeldende og ny lov:

1) Med gjeldende lov kan en bare bruke slike former fra før 1947 forutsatt at de står i grunnboka. Med den nye loven kan en også bruke andre former som er fastsatt etter reglene i resolusjonene før 1947, og som f.eks. bare står på kart.

2) Som nevnt ovenfor kan en med den gjeldende navneloven få ta i bruk etternavn etter den typen bruksnavn som ble tillatt ifølge deleloven i 1990. Med den nye loven kan en også få etternavn av bruksnavn som er tatt i strid med deleloven før 1990, dersom bruksnavna vil være tillatt etter dagens delelov. Det er slik at formuleringa «ikke [...] valgt i strid» i gjeldende navnelov stenger for å ta etternavn fra ulovlige bruksnavnendringer fram til 1990. Men formuleringa «ikke [...] strider» i den nye loven betyr at en kan få alle etternavn av bruksnavn som ikke strider mot dagens regler i deleloven, sjøl om de er tatt i strid med deleloven før 1990 (*Ot.prp. 31 (2001–2002)*, s. 49).

### 3.2. Unntaksreglene

Også i den nye loven fins en unntaksbestemmelse som gir mulighet for at en del flere bruksnavnformer kan tas som etternavn. Det blir krevd at disse formene av bruksnavna er *registrert* i visse typer offentlige dokumenter, og at de har vært *brukt* i et visst omfang.

Mer presist blir kravet til *registrering* uttrykt slik at det er navn «som er inntatt i dokumenter eller registre med offentlig preg, f.eks. gamle folketellinger, i gamle panteregistre eller i registerkort i folkeregisteret».

Dessuten må navneforma være «*brukt* som gårdsnavn, enten av søkeren selv eller andre, f.eks. offentlige organer», og i et «rimelig omfang» uten krav om «total konsekvent eller entydig bruk». Med «gårdsnavn» mener en her navn på gårdsbruk og ikke navnet på den opphavlige gården som bruket er skilt ut fra. Det går videre fram at: «Dokumentasjonen for bruken kan fås gjennom f.eks. personlige brev, kirkebøker, telefonkataloger, adressebøker, skoleregistre, osv.» Bruk av navnet kreves for å vise at de offentlige regi-

streringene ikke er «rene enkeltstående feilregistreringer» (*NOU 2001: 1*, s. 107; jf. òg *Ot.prp. 31 (2001–2002)*, s. 27).

Begge typer dokumentasjon skal etter hovedregelen gå tilbake til før 1.1.1947, men det blir åpna for unntak når søkeren har brukt navnet og vært i «aktsom god tro». Eksempler på bruk av unntaksreglene blir vist nedenfor.

### 3.3. Moderniserte former

Med den nye loven vil en kunne ta moderniserte former av sitt eget etternavn uten samtykke fra andre som måtte ha det etternavnet en da får. Det innebærer bl.a. at en kan ta et bruksnavn en har rett til, og tilpasse det til gjeldende rettskriving.

JD omtaler dette som endring til «eneformen i norsk rettskriving» og «skrivemåte i samsvar med gjeldende rettskriving» (*Ot.prp. 31 (2001–2002)*, s. 29). Justiskomiteen omtaler det som «en mer moderne form av navnet» (*Innst.O.nr. 33 (2001–2002)*, pkt. 5.5.). Den vedtatte lovformuleringa er (§ 5): «En endring av stavemåten av et etternavn som bringer stavemåten nærmere den alminnelige uttalen av navnet eller nærmere skriftspråket for øvrig».

Det dreier seg om to typer forandringer. Den ene er å forandre fra former som ikke fins i rettskrivingene til former som fins der, f.eks. endring fra «dahl» til «dal». Men den typen er det svært få tilfeller av. Den andre typen kan være endringer fra noen former i rettskrivingene til andre former i rettskrivingene som ligger nærmere uttalen. Slikt kan være endringer fra «sæter» (ei mulig nynorskform), «hugg» (ei mulig bokmålsform) og *Østby* til «seter», «hogg» og *Austby*.

Dessuten sies det ikke direkte at en utelukker endring til rettskrivingsformer som kan regnes som eldre, f.eks. «hugg» og «bjerck», som er likestilte former med «hogg» og «bjørk» i gjeldende bokmålsrettskriving. Disse formene blir brukt i norsk talemål, og vil antakelig bli godtatt dersom navn har slik uttale.

### 3.4. Internasjonale skrivemåter

På samme måte som en kan endre navn til rettskrivingsformer, vil en òg kunne endre til skrivemåter som vil passe for navna i andre land uten samtykke fra andre (§ 6). Det gjelder de tre spesielle skandinaviske bokstavene æ, ø og å, som kan endres «f.eks. fra 'æ' til 'ae' og fra 'ø' til 'oe'». (*Ot.prp. 31 (2001–2002)*, s. 29).

Dersom en for eksempel har eller tar et bruksnavn med ledd som «sæter», «bø» eller «ås», vil en kunne endre til «saeter», «boe» eller «aas». Departementet nevner ikke en like vanlig skrivemåte som 'a', 'o' og 'a' for disse,

slik at det blir «sater», «bo» og «as». Men det vil neppe være i strid med tenkemåten. Kan hende vil *Hoybo* og *Leroy* være like hensiktsmessige som *Hoeyboe* som *Leroey*. I dette tilfellet kreves det altså ikke samtykke fra dem som heter *Leroy* med fransk opphav. På samme måten blir det dersom noen vil endre fra det ikke beskytta *Øvergård* til *Overgaard*, som er beskytta. For øvrig vil kan hende eldre navneformer, som «bjerk» være en bedre løsning enn «bjork» eller «bjoerk». Jf. òg *Østby* og *Austby* ovenfor.

### 3.5. Navn med to ord

Når et bruksnavn består av to ord, kan en velge ett av orda, sammenskrive dem eller knytte dem sammen som dobbelt etternavn med bindestrek (*Ot.prp. 31 (2001–2001)*, s. 48; om § 4, nr. 8). Det blir ikke nevnt eksempler, men normalt vil det være navn med foranstilte adjektiv for størrelse, plassering eller retning, som *Vesle*, *Midt* og *Sør*. Bruksnavn som *Øvre Helland* vil da kunne bli til *Øvrehelland*, *Helland* og *Øvre-Helland*. Men det kan neppe bli til bare *Øvre*.

## 4. Eksempler på utvidelsen av tradisjonsformer

Ovenfor nevnte jeg hvilke typer dokumentasjon som en vil få hente navneformer fra når den nye loven blir satt i verk. Her skal dette bli vist med eksempler.

### 4.1. Dokumentasjonen

Det meste av eksempelmaterialet her er henta fra en høyesteretts sak i 1961 om bruksnavnnormering (*Norsk Retstidende* (= Rt.) 1961, s. 146–192). Det gjaldt gårdsbruk i kommunene Rygge og Våler i Østfold. Det er supplert med opplysninger fra folketellingene fra 1865 og 1900, og materiale fra en etternavnssak knytta til gårdsbruket *Skredderhaug(en)* i Alvdal.

Med den nye personnavnloven vil en òg kunne bruke en dokumenttype som ikke er med i eksemplene her, dvs. eldre panteregister. Det går fram av høyesterettsdommen (Rt. 1961, s. 153) at bare 1 av de 14 gårdene som ble behandla, har samme form i panteregisteret og i 1903-matrikkelen. Det betyr at de eldre formene er godt dokumentert i panteregistera som var i bruk fram til grunnbøkene tok over i 1936.

Opplysningene fra kildene er systematisert i tabellen nedenfor (s. 21). I tabellen er det markert et skille mellom offentlig register eller dokument, og annen bruk. Forekomster under «annet» er i noen tilfeller offentlig register

eller dokument: folkeregisterkort og bl.a. 1800-tallsregistreringer fra panteregister og tinglyste dokumenter.

#### 4.2. Vurdering av navneformene

Målet med undersøkelsen er å finne ut om bestemte ikke fornorska former oppfyller kravet til etternavn etter den nye personnavnloven. Dette er former som enten eierne har ønska som navn på gårdsbruket, eller som sitt eget nye etternavn. Disse formene er markert med kursiv i tabellen.

Kildeopplysninger som oppfyller krava til at de kursiverte navneformene kan godkjennes, er markert med fet skrift i tabellen, f.eks. grunnbøker, tinglysing og oppføringer i telefonkataloger.

Eiere av fire av disse bruka vil i tenkte tilfeller kunne få de ikke fornorska formene etter den gjeldende personnavnloven, fordi de fins i grunnboka. Det er *Bjerke*, *Huggenes*, *Skotvedt* og *Utne*. Disse fire navna vil òg bli godkjent etter den nye loven.

Vi skal se på hvordan de andre bruksnavna i materialet kan vurderes etter den nye loven.

Av alle de øvrige gårdsbruka har *Bjerketvedt*, *Sperbund* og *Tveter* ikke fornorska former (dvs. de kursiverte) i minst ei av folketellingene fra 1865 og 1900, og i tinglyste dokumenter, dvs. skjøter eller pantobligasjoner. Dette er dokumenter som oppfyller kravet til hvor bruksnavn skal være registrert, om en vil bruke unntaksbestemmelsen i den nye loven. Dessuten fins formne *Ekkholdt* og *Skredderhaug* i tinglyste dokumenter. Dermed vil alle de ikke fornorska formene oppfylle kravet om at de skal være offentlig registrert.

I tillegg kommer kravet om bruk. Det kan bli oppfylt med at bruksnavna fins i en telefonkatalog. Med unntak for *Skredderhaug* der dette ikke er undersøkt, så er alle disse bruksnavna registrert i *Rikstelefonkatalogen* til Telegrafverket og i katalogen til det private Moss telefonanlegg. Stort sett er det slik at de eldre formene var brukt i *Rikstelefonkatalogen* til og med 1934 eller 1936 i dette området. Etter resolusjonen fra 1933 om normering av stedsnavn, fikk Telegrafverket hjelp fra statens navnekonsulenter og retta opp navna.

For bruksnavnet *Skredderhaug* er, i tillegg til tinglyste dokumenter, oppføring på folkeregisterkort bekreftelse på at det er offentlig registrert etter den nye loven. I den saken fins atskillig dokumentasjon på bruk av forma *Skredderhaug*, markert i tabellen med «+». Det gjelder f.eks. i register hos landbrukskontor og korrespondanse med næringsdrivende og organisasjoner. Kirkebøker, som regnes som bruk, har forma *Skrædder-*

*haug*. Det kan ev. brukes som støtte for ubestemt form, til forskjell fra dagens normerte i bestemt form.

I ett tilfelle i materialet bruker eieren den ikke fornorska forma som navn på bruket, *Sperbund*. Det er *bruk* etter den nye loven.

For noen av gårdsbruka har vi opplysninger om navneformene på offentlige kart. Det er fornorska former.

I disse sakene ser vi at æ-er i navn ikke er ført over til grunnboka. Men det har hendt ellers at bruksnavn der ordet «sæter» er ledd, står både i matrikkel og grunnbok. Da er det eneste mulige form etter den gjeldende loven. I slike tilfeller vil en heller ikke kunne få ei modernisert form dersom det tilsvarende navnet med «seter» er beskytta. Det kan bli gjort unntak dersom en kan bevise at en har brukt forma som etternavn lenge. Med den nye personnavnloven kan f.eks. «seter» i et slikt tilfelle bli godtatt fordi det er ei form etter gjeldende rettskriving eller uttale.

Med grunnlag i dette materialet, vil eiere eller leiere av disse bruka oppfylle krava som blir stilt til å få disse ikke fornorska bruksnavna som etternavn. Denne tolkinga av den nye loven og forarbeida er artikkelforfatterens, og JD vil ikke kunne gi uttalelser om tenkte saker.

navn på gårdsbruk	offentlig register eller dokument						bruk		annet
	folket. 1865	folket. 1900	matr-ikkel	gr-bok	off. kart	ting-lyst	rikstlf-kat	annen tlf-kat	
<i>Bjerke</i>	x:i sms	x		x		x	f 1936	1933-54	
Bjørke			x				1936-		
Bjærke	x								
<i>Huggenes</i>				x		x	f 1936	1933-54	
Hoggenes			x		x		1936-		
Huggenæs	x	x		x					1800-t
<i>Skotvedt</i>	x	x:gård		x		x	1934	1933-54	
Skotvet		x:plass	x				1936		
<i>Utne</i>	x	x		x		x	f 1936	1933-54	
Øtne			x		x		1936-		
<i>Bjerketvedt</i>	x:gård	x				x	f 1934	1933-54	
Bjerketvet			x	x			1936		
Bjerketvet	x:plass						1934		
<i>Sperbund</i>	x	x				x	1934	1943-54	eier
Sperrebotn				x			1959	1933-40	
Sperrbotn							1936		
Spærrebotn			x		x				

<i>Tveter</i>	x	x				x	f 1936	1933-54	
Tveiter			x	x			e 1952		
Tveitar							1936-52		
<i>Ekholdt</i>						x:1954	f 1936	1933-54	
Ekholt		x	x	x		x:1934	1936-		1800-t
Egholt	x								1800-t
<i>Skredderhaug</i>						x			f-reg,+
Skredderhaugen				x					
Skrædderhaugen		x	x						
Skreddarhaug					x:1970				
Skreddarhaugen					x:1991				
Skrædderhoug	x								1800-t
Skrædderhaug									krk-bok

### Forkortinger i tabellen:

matrikkel = matrikkel fra 1903, gr-bok = grunnbok, f = før, e = etter, annen tlf-kat = Moss telefonanlegg, 1800-t = brukt på 1800-tallet (flere kildetyper), eier = eier bruker denne forma, f-reg = folkeregisterkort.

Ivar Utne  
[ivar.utne@nor.uib.no](mailto:ivar.utne@nor.uib.no)

## NY LOV OM PERSONNAVN VEDTATT

Lov om personnavn (navneloven) ble sanksjonert av Kongen i statsråd 7. juni 2002. Kunngjøringen finnes på nettsiden:

<http://www.lovdatab.no/ltavd1/lt2002/t2002-1-05-105.html>

Den konsoliderte versjonen finnes på:

<http://www.lovdatab.no/all/nl-20020607-019.html>

Nyttig informasjon for dem som ser etter kilder for slektsgransking, vil finne aktuelle lenker under kategorien [Offentlige ressurser i Norge], se nettside:

<http://www.dis-norge.no/genress/>

Red.

NORNA

**NORNA-NYTT**

Den nordiske samarbeidskomiteen for namnegransking, NORNA, hadde møte på Jaruplund Højskole i Slesvig, Nordtyskland, 25. april 2002. Av dei sakene som vart handsama, er desse av allmenn interesse:

**Komande symposium**

Det vert arrangert fylgjande symposium i NORNAs regi dei komande åra:

- NORNAS 32. symposium: Navne og kulturelle kontakter i Nordatlanten. 4. – 8. april 2003, Shetland.
- NORNAS 33. symposium: Namn på *-staðir*, april–mai 2004, Utstein kloster, Noreg.

**Den 13. nordiske namneforsarkongressen**

Den 13. nordiske namneforsarkongressen vert halden 15.–18. (19.) august 2003 i Tällberg, Dalarna, Sverige.

**Nordisk namneforskarregister**

Ein oppdatert versjon av *Nordisk navneforskerregister* ligg no ute på nettet. Adressa er: [www.norna.org](http://www.norna.org). Redaksjonen ber om at eventuelle rettingar og kommentarar vert sende til den nasjonale komitémedlemen.

**NORNA-stipend**

Det vert lyst ut eit nytt NORNA-stipend for unge namneforskarar for 2002.

**Publikasjonar**

Desse publikasjonane kjem til å liggja føre sommaren 2002:

- Rapport frå NORNAS 28. symposium: Kristendommens indflydelse på nordisk navngivning, 25.–28. mai 2000, Skálholt, Island.
- Rapport frå NORNAS 29. symposium: Avgränsning av namnkategorier, 20.–22. april 2001, Svidja, Finland.

## NORNAs 31. SYMPOSIUM

### Nordiske *torp*-navne

Torsdag 25. til søndag 28. april holdt NORNA sitt 31. symposium på den danske *Jaruplund Højskole* noen få kilometer sørvest for Flensborg i Sydslesvig. Emnet var navn på *-torp*, og at Norge – med sine om lag 160–170 *torp*-navn – var representert med hele fem deltakere, er kanskje overraskende. For øvrig deltok én finsk, én færøysk og én islandsk forsker, mens Sverige var representert med to og vertskapet, danskene, med hele 11 deltakere. Fra Schleswig-Holstein deltok veteranen Wolfgang Laur med et foredrag om «*Torp*-navne i Sydslesvig og sprogskiftet».

Slik deltakerantallet indikerer, var det de danske navnene som stod i sentrum; de var emne for ni av de sytten foredragene. De to norske bidragsyterne, Ole-Jørgen Johannessen og Gunnstein Akselberg, fikk imidlertid æren av å åpne symposiet. Og begge kom fra det med æren i behold, Johannessen etter å ha tatt for seg det tallmessig mest begrensede emnet, «*Torp* og *-torp* i norske gårdsnavn vest for Oslofjorden» (en dyptpløyende gjennomgåelse av noen enkeltnavn), og Akselberg med «*Torp*-namn i Aust-Noreg med hovudvekt på namn i Østfold fylke» (han la bl.a. vekt på jordsmonnet på *torp*-gårdene). Fredagen ble innledet med Michael Lerche Nielsens drøfting av «Sognekriteriets betydning for vurdering av *-torp*-navnenes alder», et emne som er svært relevant også for andre navneklasser. Susanne Vogt tok også opp et emne av generell interesse, nemlig verdien av etterreformatoriske navnebelegg, i foredraget «Har Adkomstregistreringen flyttet torper? Nytilkomne 1500-tals-former som ældste belæg». Bent Jørgensen diskuterte likeledes allmenne problemer, nemlig forholdet mellom bosetningens (og navnets) alder og størrelse. Og han stilte (og foreslo også svar på) spørsmålet: «*Torpens* størrelse og status. Hvordan kan en vikingetidig udflyttergård blive til 44 gårde i matriklen 1664?». Dateringsspørsmålet ble òg berørt i Peder Gammeltofts foredrag, da med utgangspunkt i konkrete navn like nord for den nåværende dansk-tyske grensen: «Stednavne på *-torp* i Sydvestjylland – Resume». Viktigere var imidlertid en navnetypologisk oversikt over navnene i Nørre-, Øster- og Vester Horne Herred, som bl.a. konkluderte med at bare 35 % har personnavnforledd. Kristian Hald regner med at 16–1700 av de om lag 2200 *torp*-



navnene i det nåværende Danmark har personnavnforledd, altså over 70 % (*Vore Stednavne* 1965: 127, 137).

I diskusjonen om opphavet til og spredningen av navneklassen har forholdene i Danelagen spilt en stor rolle, og at Gillian Fellows-Jensen i sitt foredrag holdt seg til England, kommer neppe som noen overraskelse. I et inspirerende foredrag (rikt illustrert med bilder særlig av spennende vei-skilt) fortalte hun om «Torpnavnene i Norfolk i sammenligning med torpnavnene i andre dele af Danelagen». Hun påviste og drøftet det påfallende forholdet at det i Norfolk er nesten tre ganger så mange navn på *-thorp* som på *-by*, mens det i Yorkshire og East Midlands er nærmest omvendt. Etter et foredrag om «De danske *-torp*-landsbyers jordbundsforhold», holdt av tre unge danske forskere (Laura Hedemand, Peder Dam og Johnny Gøgsig Jakobsen), ble dagen avsluttet med omvisning (gate- og bakgårdsvandring) i Flensborg.

Lørdag morgen var først avsatt til *torp*-navn på Island og i Finland. Svavar Sigmundsson gjorde i foredraget «*Torp* på Island» ganske raskt rede for de svært få islandske representantene for denne klassen, og kunne – som den eneste foredragsholderen – konsentrere seg om betydningen av navneleddet. Den opprinnelige etymologien synes fremdeles å være omstridt. Ifølge Gunilla Harling-Kranck («Namn på *-torp* i Finland») er navneleddet i betydningen 'utflyttergård' ikke særlig utbredt i Finland – det skal være bare et dusin middelaldernavn (først og fremst på Åland). En yngre betydning, «dagsverkstorp», forekommer på den annen side i om lag 800 navn, spesielt i Nyland. Med Bente Holmbergs foredrag vendte vi tilbake til Danmark. Hun spurte om det fantes «Sakrale *torp*-navne i Danmark?». Hun viste eksempler på tidlige belegg, som «Frøthorp» fra 1231, nå den store «sogneby» *Frørup* på Fyn, og påpekte bl.a. at kronologien tilsier at man ikke kan utelukke at forleddet er et gudenavn (Frøya?).

Selv etter en *dejl*ig festmiddag lørdag kveld kunne de aller fleste deltakerne ha glede av søndagens hovedemne «*Torp*-navne som identifikasjonsmodell», der følgende foredrag stod på programmet: Michael Lerche-Nielsen: «Fra Hellerup til Klattrup – en præsentation af begrebet 'nyere *torp*-navne'», Rikke Steenholt Olesen: «Yngre *torp*-navne», Birgit Eggert: «*Torp*-navne som skabelon for efternavneforslag» og Kristin Magnussen: «Faktisk valgte *torp*-efternavne».

Staffan Nyström minnet med symposiets siste foredrag «*Torp*-namn i Östergötland. Ett pedagogisk experiment och några resultat» bl.a. om viktigheten av undervisning i faget og dermed rekruttering av unge navneforskere. Selvsagt har han rett, og undervisningsopplegget hans vil nok bli studert med interesse når det blir publisert i den NORNA-rapporten som

også dette symposiet vil avstedkomme. Jeg vil her gjerne understreke at nettopp symposier som dette – med god tid til foredrag og diskusjon og ikke for mange deltakere – er svært viktige for rekrutteringen til faget, og at det til slike symposier er spesielt viktig å få med ikke bare unge forskere, men også viderekomne studenter i faget.

Avslutningsvis vil jeg benytte anledningen til å rose arrangørene ved Institut for Navneforskning i København for velkjent dansk gjestfrihet, for et spennende symposieprogram, og for at de hadde funnet tid og penger til en givende ekskursjon lørdag ettermiddag. Den viste også til fulle at stedet for symposiet var velvalgt. I løpet av noen ettermiddagstimer tok bussen oss forbi et utall *-dorfer* (som for det store danske mindretallet i området fremdeles er *-ruper*), foruten at vi besøkte Danevirke og Hedeby med vikingmuseet, før vi vendte tilbake til naturskjønne Jaruplund Højskole.

Tom Schmidt  
[tom.schmidt@inl.uio.no](mailto:tom.schmidt@inl.uio.no)

ICOS-NYTT

### **ICOS-MØTE I WIEN MARS 2002**

Styret i ICOS hadde møte i Wien 14.–17. mars 2002 med Isolde Hausner, Österreichische Akademie der Wissenschaften som vertsskap. Av viktige saker som vart drøfte, kan nemnast førebuinga av den komande ICOS-kongressen i Uppsala der det skal veljast nytt styre, og slutføring av dei nye lovene og dei interne reglane for ICOS. Viktig i den samanhengen er at styret går inn for at ICOS frå og med den komande kongressen skal ha Uppsala som adresse. Til no har sekretariatet lege i Leuven i Belgia med Willy van Langendonck som drivande kraft. Før dei nye lovene kan ta til å gjelda, skal dei godkjennast av generalforsamlinga i ICOS. Elles vart arbeidet med

nr. 36 og 37 av tidsskriftet ONOMA drøft, og lokaliseringa av ICOS-kongressen i 2005 diskutert. Her var det to kandidatar, Pisa og Toronto. Pisa fekk flest røyster og vil nokså sikkert få tilslutning på Uppsala-kongressen.

BH

### **STOR INTERESSE FOR ICOS-KONGRESSEN I UPPSALA**

Den 21. internasjonale kongressen i namnegransking nærmar seg. Som meldt tidlegare i *Nytt om namn*, vert han halden i Uppsala 19.–24. august i år. Det har vore uvanleg stor interesse for kongressen med over 400 påmelde frå 43 ulike land. Flest kjem frå Sverige med heile 67, så Tyskland hakk i hel med 64. Elles viser dei førebels tala at 18 kjem frå Finland, 16 frå Noreg, 7 frå Danmark, 2 frå Island og 2 frå Færøyane. Det kan òg vera kjekt å vita at 2 kjem frå Kina, 1 frå Brasil, 1 frå Albania og 1 frå Den demokratiske republikken Kongo. Dei mange føredragshaldarane fordeler seg på åtte seksjonar slik at det har vore eit stort arbeid med å få alt i boks. *Nytt om namn* ynskjer lukke til med kongressen og generalforsamlinga i ICOS.

ICOS-kongressen har denne nettsida:

<http://www.dal.lu.se/sofi/oau/ICOS21.html>

Samandrag av føredraga finn ein på denne nettadressa:

<http://www.dal.lu.se/sofi/oau/ICOS.news.html>

BH

FN-NYTT

### **FNs 8. STADNAMNKONFERANSE I BERLIN**

Den 8. FN-konferansen om normering av stadnamn skal haldast i Berlin i tida 27. august – 6. september 2002. Tidlegare konferansar av dette slaget har vore haldne i Genève (1967, 1982), London (1972), Athen (1977), Montreal (1987) og New York (1992, 1998). Mellom konferansane vert det halde møte i ekspertgruppa UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names). UNGEGN skal ha sin 21. sesjon i tilknytning til konferansen i Berlin. Arbeidet i UNGEGN er ordna i såkalla divisjonar, til saman 21, og dei nordiske landa held saman i Norden Division. Dessutan er

sju arbeidsgrupper som konsentrerer seg om fylgjande emne: Opplæring, databasar, terminologi, romanisering av ikkje-latinske alfabet, landsnamn, publisitet/økonomi, evaluering. Eit overordna mål for stadnamnarbeidet i FN er å fremja nasjonal og internasjonal normering, og å hjelpa til å byggja opp apparat og ekspertise som kan arbeida mot dette målet. Mellom 50 og 100 land deltek vanlegvis på desse møta.

Programmet både for konferansane og UNGEGN-møta fylgjer eit fast opplegg der dei ulike landa rapporterer om og drøfter ulike program i tilknytning til normeringsarbeidet, som innsamling av stadnamn, oppbygging av namnedatabasar, normeringsprosedyrar, bruk av namn i fleirspråklege område, stadnamn i grenseområde, translitterasjon, eksonym, terminologi, publisering, skoloring. Bruken av Internett spelar ei aukande rolle i samarbeidet og for informasjonsspreiing.

Frå Noreg møter rådgjevar Terje Larsen i Norsk språkråd, fyrstekonsulent Nils Jørgen Gaasvik i Statens kartverk og namnekonsulent Botolv Helleland, Universitetet i Oslo.

BH

ANNA MELDINGSSTOFF

**DEN 10. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING**  
**Fredag 9. mai 2003 på Blindern, Universitetet i Oslo**

**Gustav Indrebø som namnegranskar**

Seksjon for namnegransking, i samarbeid med Norsk namnelag og Samarbeidsnemnda for namnegransking, byd inn til *Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking* fredag 9. mai 2003. Konferansen vert halden på

Universitetsbiblioteket på Blindern, Universitetet i Oslo, kl. 09.30 – 16.30, med etterfylgjande sosialt kveldssamvær.

Det er fleire grunnar til at Seksjon for namnegransking har valt å gjera namnegranskaren Gustav Indrebø til tema for ein konferanse. I 2001 var det 75 år sidan Norsk stadnamnarkiv vart skipa med Indrebø som den fyrste styraren. I år er det 60 år sidan han døydde, berre 53 år gammal, midt i ei annsam forskargjering, samstundes som det er 75 år sidan boka *Norsk namneverk* kom ut, og i 2003 er det 70 år sidan boka om innsjønamn i Buskerud kom ut. Om ein reknar Oluf Rygh (som var tema på eit NORNA-symposium på Stiklestad i 1999) og Magnus Olsen for to av dei store i norsk namnegransking, så er Gustav Indrebø den tredje – utan æremink for dei mange andre som har gjort seg gjeldande i faget.

Emnet «Gustav Indrebø som namnegranskar» femner om fleire sider – ein kan nærma seg temaet ut frå m.a.

- stadnamninnsamling
- namnevitskapleg metode
- studiet av naturnamn
- studiet av administrative namn
- stadnamnormering
- organisatorisk innsats

Føredraga bør knytast til tema som har stått sentralt i Indrebø sine arbeid med namn, men kan ha eit vidare perspektiv, t.d. sett i samheng med dagens forskingsstode. Dei som ynskjer å halda føredrag på konferansen (20-25 min. pluss 5-10 min. diskusjon), kan fylla ut skjemaet på neste sida og senda ein kopi til Seksjon for namnegransking innan 15. januar 2003. Ein nordisk namnegranskar utanom Noreg vil verta særskilt invitert til å halda eit innleiingsforedrag.

Send til: Seksjon for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo  
Faks (++47)22854381

Namn: .....

Adresse: ..... Postnr./-stad: .....

Tel: ..... Faks: .....

e-post: .....

Tittel på føredrag:.....

## GULBRAND ALHAUG 60 ÅR

«Ein glad namnegranskar» har underskrivne kalla jubilanten Gulbrand Alhaug i det velfortente festskriftet han fekk til 60-årsdagen – den nøyaktige datoen for denne storhendinga var 2. juli 2002. Det er då ei særleg glede å ynskja til lukke med dagen på vegner av lesarane av *Nytt om namn*. Seksti år er ikkje noko å ta på veg for når humør og fagleg og personleg vitalitet framleis er på topp. Gulbrand har vore eit insitament i det nordiske namnemiljøet sidan han kom på banen for over tretti år sidan. Ikkje minst har han vore ei drivande kraft ved Nordisk institutt ved Universitetet i Tromsø, der han har forska og undervist sidan 1975. Sjølv om ein etter talemålet hans kan mistenkja han for å ha hjarterøtene feste til fødestaden i Stange på Hedmarka, har Gulbrand vore ein trugen talsmann for dei namnevitskaplege interessene ved det nordlegaste universitetet vårt, og i Nord-Noreg i det heile. Han har òg vore og er ein aktiv og entusiastisk deltakar i det nasjonale og nordiske samarbeidet. Sverige er hans andre heimland, og han har sett venespor etter seg Europa rundt. Den vitskaplege produksjonen hans har tyngdepunktet i personnamn, og her har han publisert fleire bøker og eit stort tal artiklar. Diskusjonen hans i tilknytning til markørnamn og namneleddskombinasjon er gledelege tilskot til nyare personnamngransking. Og det er all grunn til å tru at Gulbrand vil gle tilhengjarane sine med nye resultat i framtida, like så fullt som han vil halda fram med å vera ein slik likandes kar som me har lært han å kjenna.

Botolv Helleland

## NORSK ORDBOK 2014

No har endeleg *Norsk Ordbok* fått dei ressursane ordboka treng for ei storstilt opptrapping av prosjektet. Før jol vedtok Stortinget å løyve 5,8 millionar kroner i lønsmidlar til *Norsk Ordbok*. Det vedtok også ein opptrappingsplan som inneber at løyvingane til ordboka skal aukast fram til 2005, og så stabiliserast på 2005-nivå fram til 2014. Universitetet i Oslo har

fylgt opp, og kollegiet vedtok 7. mai 2002 å løyve driftsmidlane som trengst til prosjektet.

Det er oppnemnt eit eige styre for NO2014. Her er Magnus Rindal leiar. Dette styret vedtok 29. april å tilsetje ny prosjektdirektør og åtte nye forskingsassistentar. Underskrivne er tilsett som direktør frå 1. juni, og dei fleste assistentane tok til med arbeidet samstundes. Av dei nye assistentane er to tilsette med arbeidplass ved NTNU i Trondheim. Tidlegare er Tor Erik Jenstad tilsett som redaktør same stad. Dei nye elektroniska arkiva og dei nye verktyøya for redigering gjer det mogleg å desentralisere ordboksverksemda slik.

Å ferdigstille *Norsk Ordbok* innan 2014 er ei krevjande oppgåve som ikkje berre har auka ressursar og fleire stillingar som føresetnad. Like viktig blir det å dra nytte av dei store orddatabasane Dokumentasjonsprosjektet har lagt til rette. For å halde dei stramme tidsfristane som må til for at ordboka skal bli ferdig i 2014, må prosjektet etablere heilt nye rutinar for redigering som haustar gevinstane av digitaliseringsarbeidet som er gjort. Det gjeng no føre seg eit ambisiøst utviklingsarbeid som tek sikte på å gje redaktørane det verktøyet dei treng for å redigere digitalt materiale. Dette utviklingsarbeidet har interesse for alle som arbeider med leksikografi i Noreg.

Fullføringsåret 2014 er valt med tanke på grunnlovsjubileet det året. *Norsk Ordbok* er eitt av fire bokprosjekt som Stortinget ynskjer å markere dette nasjonale jubileet med. Dei tre andre prosjekta er *Norsk riksmålsordbok*, *Henrik Ibsens skrifter* og *Norsk biografisk leksikon*. Alle desse prosjekta er av interesse for namnegranskarar, men det spørst om ikkje fullføringa av *Norsk Ordbok* er det vi kjem til å få størst nytte av.

Kristin Bakken  
[kristin.bakken@inl.uio.no](mailto:kristin.bakken@inl.uio.no)

## KARTFOLK SKOLERER SEG I STEDSNAVN

Seks medarbeidere i Statens kartverk Land har i løpet av høsten 2001/våren 2002 gjennomført og bestått eksamen i 5-vektallskurset «Innføring i stedsnavngransking – nettbasert» ved NTNU i Trondheim, med gode resultat.

Titlene på semesteroppgavene er:

Johnny Andersen: *Norges geografiske oppmåling og Statens kartverk. Innsamling, bruk og normering av stedsnavn til bruk på kartverk og beskrivelser med hovedvekt på Nord-Norge og flerspråklighet.*

Per Chr. (Pelle) Asbjørnsen: *Tolking og normering av navn på østsiden av Tjøme og i skjærgården utenfor.*

Aud Harstad Bakken: *Vurdering av eksisterende og innsamlede navn på BU 058-5-2 Børtnes i Nes kommune, Buskerud fylke.*

Åmund Fykse: *Namnetypar og etterledd på konvekse formasjonar i terrenget. Systematisering og vurdering av slike stadnamn i Luster kommune på grunnlag av innhaldet i Sentralt stadnamnregister.*

Nils Jørgen Gaasvik: *Stedsnavnnormering.*

Ketil Hognestad: *Stadnamn på Fjøløy og omliggjande område i Rennesøy kommune.*

Karsten Lien  
[karsten.lien@statkart.no](mailto:karsten.lien@statkart.no)

## SVENSK PRIS TIL NORSK NAMNEGRANSKAR

Kungliga Gustav Adolfs Akademien för svensk folkkultur har tildelt Tom Schmidt, Universitetet i Oslo, ein pris på 50 000 svenske kroner av Jöran Sahlgrens prisfond for «viktiga bidrag till norsk ortnamnsforskning, särskilt genom doktorsavhandlingen om norska ortnamn på *-by, bø*». *Nytt om namn* gratulerer. Utdelinga gjekk føre seg 6.11.2001 på Uppsala slott.

## NY PROFESSOR I NAMNEGRANSKING

Den 28.2.2002 fekk fyrsteamanuensis Tom Schmidt ved Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo, personleg opprykk til professor. Schmidt disputerte den 16. desember 2000 for den filosofiske doktorgraden over avhandlinga *Norske gårdsnavn*



*på -by og -bø med personnavnforledd.* Han tok filologisk embetseksamen i 1976 med hovudfagsoppgåva *Teigenamn frå Randabygda* og har sidan den tid publisert eit stort tal namnevitenskaplege artiklar og redigert fleire bøker, m.a. to NORNA-rapportar, 75-årsskriftet for Norsk stadnamnarkiv og to band i den nye serien *Bustadnavn i Østfold* etter Kåre Hoels grunnmanuskript.

Etter fleire vikariatperiodar vart Schmidt fast tilsett som amanuensis ved Institutt for namnegransking i 1983, med opprykk til fyrsteamanuensis i 1992. Når Schmidt no har kvalifisert seg for professortittelen i namnegransking, er han den andre ved det noverande Seksjon for namnegransking etter krigen. Kåre Hoel vart utnemnd til professor 1. januar 1988, men verka i denne stillinga i mindre enn to år med di han døydde i oktober 1989.

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

### **TANKAR KRING PROSJEKTET «STADNAMN PÅ HJELMA-GARDANE I VALLDAL» Bruksnr. 1 og 2**

Far min, Martin Hjelme (f. 1914), vart i 1987 beden av Norddal kommune og Møreforskning i Volda om å samle inn ein del stadnamn i Valldal m.a. på gardane Hjelma og Heggen. Dette vart gjort, og for bruka på Hjelma kom han fram til der og då ca. 115 namn.

Som smågut var eg ofte med far og onklane mine i skog og mark på tur, vedhogst, smågras-slått og etter kvart fiske og jakt. I seinare år når hjortekakta tok av, og dette vart den største og viktigaste hendinga i året, dukka òg trongen for namn naturleg opp. Det kunne vere trong for eit namn ved eit høve, og eit nytt namn vart skapt, men dette var likevel berre nokre få. Men før som no: bruken og trongen skapte namna, eller dei var/vart ofte knytte til ei særskild hending.

Kom eg so ved høve til å bruke eit av dei gamle namna, var neste generasjon stort sett uvitande, men eg såg òg at det var stor interesse for å kunne litt om desse, og ikkje minst vite kvar dei var.

Etter å ha ymta frampå om at namna burde ha vore samla, meinte far at: «Nei, namna var nok samla, so det var neppe fleire å finne». – Sta som alltid starta eg likevel med å samle litt og noterte dei på lister, noko far fort fatta stor interesse for.

Etter å ha funne 170 namn var vi begge sikre på at målet var nådd, og at alle namn no var hanka inn, og eg tenkte med litt gru på å setje meg ned og plassere desse 170 ringane på kartet og få rett namn på rett plass, noko som fort viste seg å verte umuleg. Den metoden som førsteamanuensis Peter Hallaråker, Møreforsking i Volda har nytta seg av.

Det nye vidundert av i dag, satelittnavigasjon GPS gav straks nye høve. Ein fin vårdag i 2000 gjekk far (85 ½ år) og eg gjennom åker og eng og litt av utmarka, og på to økter fekk vi sett den nøyaktige posisjonen på svært mange av namna og det utrullege skjedde: *når mannen kom på staden fekk vi der og då registrert heile 70 nye og likevel gamle namn!*

Og heile tida seinare, fram til dags dato er nye/gamle namn komne til!

Dette året døydde to av informantane på gardane, den eine på 95 år og den andre i sitt 88. år, og då ser ein fort kor viktig det er å ha fått fram so mange opplysningar som råd før det er for seint.

Heldigvis hadde eg ein del på lydband, og eg har heile tida prøvd å late «stammens eldste» ha ein kritisk gjennomgang av det som har vorte samla inn. Dette har vore Martin, Mons, Sigurd (f. 1912, d. 26.5.00) og Ole Hjelme (f. 1904, d. 3.12.99), og i tillegg har dei andre på gardane vore råd-spurde.

So når vi no skriv 5.3.02, er stadnamnlista komen opp i utrullege 370 namn med kordinatar og med eit kort notat om plasseringa alfabetisk ordna i Excel. I tillegg har eg skrive ned og samla det eg har kalla «Historiene attom namna». Kort sagt kan dette tydst slik: Kva er årsaka til namnet? Kva hende her? Kva var det som gav staden/steinen/treet osb. namnet? Historiene attom namna er i dag i kortversjon på 19 sider, men her er det materiale til ei «heil bok» om det er det som er målet!

Attende sit eg kanskje med fleire spørsmål: «Kva no»?

- Litt er skrive på dialekt, men mykje står att.
- Namna kan, om ein vil, leggjast inn på elektroniske kart og soleis verte tilgjengeleg for alle.
- Har fleire gardar interesse av dette?
- Kva med gardsturisme?
- Kommunen?
- Universiteta?

Heile tida seinare har digitale kart lege på lur i bakhovudet, der ein ved hjelp av dette kan putte alt det samla materialet inn (som kartreferansar, bilete og historier knytte til stadnamna), for på denne måten å gjere det heile

meir tilgjengeleg og interessant. Etter å ha vore på Universitetet i Oslo hjå Botolv Helleland og diskutert med Multikart A/S i Norddal, fekk eg fleire innspel og støtte til «min» måte å gjere dette på.

Eystein Hjelme  
[eysteinhjelmeh@hotmail.com](mailto:eysteinhjelmeh@hotmail.com)

**SOPHUS BUGGE TIL AMUND B. LARSEN**  
**«... mere Hensyn til den mere reelle og geografiske Side»**

Da Oluf Rygh døydde brått 20. august 1899, hadde han gjevi ut to band av *Norske Gaardnavne*, og det tredje var i trykken. Etter Ryghs død vart resten av verket fordelt på fleire utgjevarar. Albert Kjær, Magnus Olsen og Karl Rygh drog tyngste lasset. Men dialektforskarer Amund B. Larsen kom òg med. Han gav ut Nedenes Amt (no Aust-Agder fylke) i 1905. Larsen rådførte seg med Sophus Bugge. Eg vil her gje eit lite glimt av Bugges rolle i dette bandet.

Larsen gjorde feltarbeid i Aust-Agder sommaren 1904. Den 20. juli sat han på Negarden i Åmli og skreiv brev til Bugge om oppdraget sitt. Saman med brevet sende Larsen manuskript til herada Vegårshei, Gjerstad og Sønedeled og bad Bugge om merknader og kritikk. Bugge svara i to vendingar. Først melde han stutt 9. september at han hadde sett på Vegårshei, og han la til at «De vil have den bedste Veiledning ved Udarbeidelsen, naar De sammenligner de foregaaende af K. Rygh udarbeidede Dele».

Tre veker seinare – den 30. september 1904 – skriv Bugge meir utførleg om inntrykket av manuskripta. Brevet er faghistorisk interessant og fortener offentleg lys. Originalbrev fra Bugge til Larsen ligg i Norsk Målførearkiv ved Universitetet i Oslo saman med ca. 250 andre brev til Larsen frå ulike personar. Brev blir vonleg med det første overførte til Handskriftsamlinga ved Nasjonalbiblioteket, der dei retteleg høyrer heime.

Frå februar 1902 til nyåret 1905 var Bugge så plaga med augo at han ikkje kunne skrive sjølv. Dei fleste brev fra denne perioden er førte i pennen av svigerinna hans, Johanna Schreiner. Kona til Bugge, Sophie f. Schreiner, var da død (1897). Elles var den unge Magnus Olsen (f. 1878) sekretær og tidvis brevskrivar desse åra. Brevet til Larsen 9.9.1904 er såleis med Olsens hand, medan det vi trykkjer her, er skrivi av Johanna Schreiner.

Kristiania, 30-9-04

Hr Dr. Amund B. Larsen!

Jeg har nu gennemgaaet Deres Manuskript for Herrederne Vegaarsheien og Gjerrestad. Jeg sender disse samtidig hermed tilbage med mine Bemærkninger. Søndeled har jeg endnu ikke faaet Tid til at gennemgaa, og Manuskriptet hertil skal jeg senere sende Dem.

Jeg tror at se, at det ved Arbeidet, som mest har interesseret Dem, har været Forholdet mellem de nu brugte Udtaleformer af Navnene og de gammelnske Former. Dette har De efter mit Skjøn meget omhyggeligt behandlet.

Jeg skulde ønske, at De vilde tage lidt mere Hensyn til den mere reelle og geografiske Side af Arbeidet. Saaledes forekommer det mig ønskeligt, at det overalt siges, hvorvidt de samme Navne forekommer andensteds i Norge og i hvilke Bygder. Dette vil kunne findes ved Hjælp af Postadressebogen og af de Bind af Norske Gaardnavne, som før er udgivne.

Ligeledes vilde det være godt, at Forklaringerne oplystes mere ved Henvisning til de geografiske Forhold. Saaledes kunde det, naar en Gaard heder «Sunde», siges, ved hvilket Sund den ligger. Eller, naar en Gaards Navn forklares som «Rostedet ved Grænseskjælllet», kunde det siges, paa hvad Slags Grænseskjæl der her kunde tænkes.

Jeg er for Tiden optaget med at gjøre en Afhandling om Runeskriftens Oprindelse færdig til Trykken. Jeg er derfor bange for, at jeg ikke vil faa Tid til at gjenemgaa Deres Manuskript for de følgende Herreder.

Da Overlærer Karl Rygh i Trondhjem er mere inde i Æmnet overhoved end jeg og særlig i de geografiske Forhold, vil jeg tillade mig at bede Dem om at sende Deres Manuskript for de øvrige Herreders Vedkommende til ham til Gjennemgaaelse. Han har saa stor Interesse for det Værk, som bærer hans Broders Navn, at han sikkerlig gjerne vil paatage sig dette. Men da han samtidig er optaget af Udgivelsen af Gaardnavne i Nordlands Amt, vil det vist være bedst, at De kun sender ham et Par Herreder ad Gangen.

Med bedste Hilsen  
Sophus Bugge

Allereie den vesle meldinga frå 9. september viser at Bugge ikkje var nøgd med Larsens framstilling, og i brevet frå 30. september kjem kritikken opent fram. Bugge synest kort sagt det er for mykje lydhistorie og for lite realforklaring i tolkingane. Eg skal ikkje gå inn på denne kritikken eller

Bugges bidrag elles (sjå *Norske Gaardnavne* 8, s. VIII), men eg vil som ein personleg merknad seie at i lys av Bugges brevstil generelt verkar den kritiske tonen mot Larsen nesten påfallande. Det er bevart om lag 1400 brev frå Bugge til vel 120 adressatar i Norden. Overalt er han utsøkt høfleg og mild, også når det gjeld synspunkt og meiningar han sjølv ikkje deler. Derfor er dette brevet tankevekkjande. At Bugge til sist fråber seg meir manuskript av Larsen, er òg eit signal som lite liknar han.

Kristoffer Kruken  
[kristoffer.kruken@inl.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@inl.uio.no)

## GURO OG GURI I SELBUTRADISJON

### Merknad til ei melding

I skriftet *Ord om ord 6* (2000, s. 109–110) melder Lars S. Vikør dialektboka *Selbu-målet. Ord og uttrykk* av Ingulv Røset (Oslo 1999). Denne boka har òg eit kapittel om personnamn, der Røset m.a. viser Selbu-uttalen av ein del tradisjonelle førenamn og knyter nokre merknader til bruken av dei. Om namnet *Goro/Guro* seier Røset (s. 48): «Siste forma mest vanleg før. No: Guri.» Vikør kommenterer dette slik: «Her finn eg ein uretta feil ... Guro har ikkje noko med Guri å gjere, men er eit heilt anna namn (dei kjem av Guðrún resp. Guðriðr)» (*Ord om ord 6*, s. 110).

Dersom ein ser lydhistorisk på det, har Vikør sjølvsagt rett. Men etter mitt syn skal ikkje Røset lesast slik. Han tenkjer i staden tradisjonshistorisk, og kommentaren «No: Guri» tyder da at namnet *Guri* har komi inn i staden for det gamle *Goro/Guro*. Altså ikkje ei intern lydendring, men ei medviten utskifting av namn eller namneform.

Grunnlaget for å operere med slike koplingar mellom språkleg uskyldige namn, er at dei gamle oppkallingsreglane gav namna faste plassar i bruken. Sidan det var mest vanleg å kalle opp besteforeldre, kom same namnet som regel att i annankvar generasjon. Når det så dukkar opp eit avvikande namn på ein slik «reservert» plass, er det rimeleg å tenkje og skrive som Røset gjer. Realiteten bak er at folk held på oppkallinga som motivasjon, men løyser seg frå kravet om full namnelikskap.

Bygdeboka for Selbu stadfester at *Guri* faktisk *har* komi inn på den plassen som *Goro/Guro* hadde i eldre bruk. Overgangen tok til på 1800-talet, og døma er mange. Her berre to: Goro Andersdotter Eidemsneset (1790–1890) hadde ei sonedotter som vart oppkalla med namneforma *Guri*

(f. 1862). Goro Jonsdotter Kolsetmoen (1816–1900) hadde likeins ei sone-datter Guri (1887–1964). Bygdeboka viser elles at *Gurina* tidt kom inn som oppkallingsnamn der ein etter gammalt skulle vente *Goro/Guro*. Seinare tar òg *Gudrun* denne plassen. (Døma er frå Haarstad og Rød: *Selbu i fortid og nåtid*, bd. 3–6, 1984–92.)

Somme kan nok ha trudd at *Goro/Guro* og *Guri* var variantar av same namnet, og nettopp derfor ha valt *Guri* som ny form når dei ønskte å modernisere seg. I så fall har dei gjort ein språkhistorisk «feil». Men det er ikkje poenget her. Utskifting av namn i tradisjonshistorisk ramme er velkjent over heile landet, og materialet under eitt viser at det styrande prinsippet har vori lydleg likskap utan omsyn til etymologi. Det ser vi m.a. i endringane *Esten* → *Elias*, *Holger* → *Harald*, *Jådå* (norr. *Gyða*) → *Judit* og *Marit* → *Marta* i Trøndelag på 1800-talet. Om namna i tillegg har eit genetisk eller språkhistorisk samband, kjem meir på slump, ofte jamvel i rangvend orden, som når det norrøne *Gudrun* – rett nok oppfriska litterært – avløyser dei etter-norrøne formene *Goro* og *Guro*.

Det vi her har sett på, gjeld tilfelle der namngjevarane sjølve har hatt herredømme over namna både i skrift og tale. I tillegg finst det ein eldre og svært utbreidd tradisjon for omlaging og endring av namn i skriftleg samanheng, utan at talemålet straks følgjer med (skattelister, matriklar, kyrkje-bøker o.a.). Oftast blir da eit heimleg norsk namn bytt ut med eit internasjonalt, t.d. *Sigmund* → *Simon*. Denne prosessen er heller ikkje uviktig for norsk namnevokster, men det er eit emne for seg.

Kristoffer Kruken  
[kristoffer.kruken@inl.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@inl.uio.no)

## MANNSNAMN-FORMENE STEIDN OG SVEIDN

Øvst i Hallingdal, serleg i Hol, har ein tvo namneformer som tykkjest vera noko einstaka og skil seg utfrå målføresystemet elles. I målføret heiter det *ein stein*, men mannsnamnet luar *Steidn*. Ordet *svein* er ikkje vanleg som appellativ i målføret, men mannsnamnet er *Sveidn*. Denne namneformi finn

me i ei tekst på holingsmål: *Svaidn va den sterkaste tå brøro* (Nielsen 1868: 11) og på ælingsmål: *festarøle hjå hono Sveidn* (Hande 1871: 74).<sup>1</sup>

Kor sterkt formi *Sveidn* stend i målføret, syner gardnamni *Sveidn'-garden*, *Sveidn'haugen* – båe i Hol (men i Torpo har ein gardnamnet *Sveinsgarden*). Tilsvarende samansetjing med *Steidn* i stadnamn kjem eg ikkje på, men det kann heita *Steidn'stølen* 'stølen hans Steidn' i motsetnad til *Stein'stølen* 'støl som ligg i steinlende', eller 'støl som har steinut voll'.

På indre Mid-Vestlandet har ein former som *heidn* 'hein', *reidn* 'rein' og *steidn*. Men slike former finst ikkje i hallingmål no. Kann dei tvo namneformene i Hallingdal uttydast på fylgjande vis:

	norr.	mno.	nyno.
N	stein-n	*steidn	stein
G	stein-s	stein(s)	"
D	stein(e)	stein	"
A	stein	"	"

Formi \**steidn* i millomnorsk kann ha vakse fram ved differensiasjon av *nn* > *dn*, og svarar morfologisk til norrøn nom. *svein-n*, som må ha fenge same voksteren. Når kasus-systemet fall saman, var det ikkje lenger bruk for kasusmerkt nominativform, so den gjekk opp i andre former med einfeld *n*. Stavingsstrukturen *ei* med tillagd *n* finn ein i ordformer som *bein*, *ein*, *flein*, *gein*, *gein*, *grein*, *hein*, *lein*, *mein*, *prein*, *rein*, *sein*, *skein* og *tein*.

Når *d* vart standande att i namneformene, medan opphavsformene vart restituerte,<sup>2</sup> kann det ha tvo årsaker: 1) personnamn vert oftare bruka trykksterkt og i nominativ enn eit vanleg appellativ; 2) namn er semantisk skilde frå appellativ: *fenaden søkte lyd for uvêret under ein stein / han driv borti åkeren og pelar stein*, men *han Steidn er heime*. *Svein-n* fall inn i same mønsteret > *Sveidn*: *han Sveidn er ute*.

## Litteratur

Bakken, Kristin, 2000: Navn og restitusjon av lydendring. I: *Namn och bygd* 88.

<sup>1</sup> Det kan nemnast at folkehøgskulemannen Stein Fossgard (fødd i Ustedalen), jamt heitte *Steidn* mellom bygdefolk, og gamlelensmann i Ål, Svein Flatåker (fødd i Skurdalen), heitte *Sveidn* mellom skyldfolk i Ustedalen.

<sup>2</sup> Takk til Kristin Bakken som har skolert meg noko om omgrepet *restitusjon*.

Hande, Hallvard, 1871: *Segner fraa Bygdom*. Christiania.

Nielsen J. E., 1868: *Søgnir fraa Hallingdal*. Christiania.

Magne Myhren  
[magne.myhren@inl.uio.no](mailto:magne.myhren@inl.uio.no)

## PERSONNAVN OG STEDSNAVN I PRE-KOLUMBIANSKE KULTURER I MESOAMERIKA

Mesoamerika er en kultur-geografisk region som omfatter det nordvestlige, sentrale og sydlige Mexico, Guatemala, Belize, den vestre delen av Honduras og El Salvador. I dette området levde mange folk, mayaer, aztekere, olmekere, zapotekere, toltekere og mixtekere etc. i urbane 'høykulturer' i perioden 1000 f.Kr.–1521 e.Kr.

Mayaene ble ca. 100 e.Kr. organisert i byer som hovedsaklig lå i Sør-Mexico, Guatemala og Belize. Mange av navnene til kvinnene og mennene hos mayaene er deler av lengre epitet og titler. Navnet til herskeren, *ajaw*, inneholdt ofte et adjektiv, en farge eller annen egenskap, fulgt av et substantiv, ofte et gudenavn eller dyrenavn. Blant dyrene er dette mektige arter som *b'alam* 'jaguaren', *chan* 'slangen', *k'uk'* 'quetzalfuglen', og *mo'araen*, f.eks. *Yax B'alam*, 'jaguaren er den første' og *Itzamnaaj B'alam* 'jaguaren er representert av (guden) *Itzamnaaj*.<sup>1</sup> En del navn hadde strukturen adjektiv/adverb–possessiv–objekt–substantiv som *Waxaklajuun U B'aah K'awil* 'atten er bildene/manifestasjonene til (guden) *K'awil*.' Andre navn kunne inneholde et komplett verb som *K'ak' Tiliw Chan Chaak*, hvis navn inneholder verbet *til*, som betyr 'å brenne' på cholan. Det kan oversettes med '(guden) *Chaak* som brenner ild i himmelen'.

Kvinnenavn avviker fra mennenes navn, men deres betydning er ennå ikke blitt underkastet en systematisk analyse. Undersåttene, hvor det ikke er mange eksempler på navn i inskripsjonene, hadde til forskjell fra herskeren enkle, korte navn uten guddommelige attributter. *Ajaw* hadde egne fornavn før innvielse til herskerembete der han fikk et nytt navn. Det er ikke mange inskripsjoner hvor det gamle navnet er beholdt fordi innskriftene er skrevet i ettertid. Men *K'ihnich K'an Joy Chitam*, '(solguden) opphetet er representert av dyrebar/gul bundet pekari', het *Ux-?-Maat* (navnet er ikke fullstendig dechiffret) før han ble *ajaw* (jf. Grube 2001: 72 ff). Gudenavn bærer vitne om en pretensjon om gudelighet, men det betød ikke at *ajaw* var

---

<sup>1</sup> Denne type konstruksjon fungerer statisk, dvs. den representerer en hel setning i mayaspråk.



på samme nivå som gudene. Navnene inneholdt bare et aspekt av guden. Det er alltid en preposisjon som modifierer navnet til guden. F.eks. *Muyal Chan K'awiil*, (guden) *K'awiil* er 'den skyede himmelen'. Fordi gudenavnene forsvant samtidig med herskerne, er det sannsynlig at disse navnene er knyttet til sakrale herskere i den klassiske perioden, ca. 200 e.Kr.–ca. 900 e.Kr. I den post-klassiske perioden, ca. 900 e.Kr. – 1697, ble navnene forandret så mye at det onomatologiske systemet Ralph Roys fant i yukatekkilder fra det 16. århundret, ikke er i samsvar med navn fra den klassiske perioden. Det tyder på at navnene reflekterer et politisk strukturskifte mellom den klassiske og post-klassiske perioden (jf. Grube 2001: 77).

Mixtekerne, *Nuu Dzavui* 'regnfolket', kom til makten i Oaxaca, Mexico etter 900 e.Kr. Aztekerne eller mexica, var opprinnelig en nahuatl-talende nomadisk stamme. De grunnla byen *Tenochtitlan*, i dag Mexico by, som ble hovedstaden i deres kortvarige imperium fra 1345 e.Kr. til 1521 e.Kr. Aztekernes og mixtekernes egennavn er deskriptive og inneholder, i motsetning til mayaene, kalendernavn fra en 260 dagers kalender. Også mytologiske individer som *Topiltzin Quetzalcoatl*, 'vår prins, lovens stav, den fjærklædde slangen' bar kalendernavn. For *Topiltzin Quetzalcoatl* var det *ce acatl*, «et strå». Dette var individets fødselsdag, hvis ikke datoen var uheldig. Kalenderspesialisten utsatte da navneseremonien til en mer heldig dag. Navnet til herskeren i det aztekiske imperium, *tlatoani*,<sup>2</sup> kunne bestå av ord for konkrete forhold og egenskaper, som *Chimalpopoca* 'rykende skjold', *Acamapichtli* 'en håndfull strå', *Itzcoatl* 'obsidian slange', *Moctezuma Ilhuicamina* 'sint herre, bueskytter fra himmelen' (jf. Boone 2000: 48). Mennene hos mixtekerne fikk navn etter mektige dyr som ørnen og jaguaren, fra ild, blod eller guddommelige vesener som ild-slangen eller fra naturfenomener som solen og regnet og fra indikasjoner på styrke, mot og adelskap. Kvinners navn forestilte skjønnhet og gode verdier: quetzalfuglen, sommerfuglen, jade, blomster, vifte etc. (jf. Jansen 1992: 21).

Emblemhieroglyfen markerer hos mayaene en geografisk, sosial og politisk status til et toponym og til herskerætten. Den betegner byen hvor en mann med tittelen *k'uhul ajaw* 'sakral hersker' råder. Stephen D. Houston og David Stuart har i *Classic Maya Place Names* (Houston & Stuart 1994) identifisert hieroglyfer som bare betegner stedsnavn. Disse kan ha *nah* eller *nal* 'sted' som affiks. Stedsnavnene inneholder ofte geografiske elementer som *witz* 'fjell', og *ha'* 'vann'. F.eks. er kongedømmet og dynastiet til byen Palenque, som ligger i Chiapas i Mexico, angitt med emblem-

<sup>2</sup> Ordet *tlatoani* er et substantiv dannet av verbet *tla-itoa*: '(noe) si'; *ni*-suffikset er substansiverende og betyr 'en som har noe å si', 'en taler'.

tegnet for *b'aakal* 'maiskolbe', 'hegre'. Selve byen Palenque ble kalt for *Lakamha* 'stort vann'. *Lakamha* kan opprinnelig ha vært navnet på elven *Otulum* som i dag renner gjennom Palenque, og som i den klassiske epoken var lagt i en underjordisk akvadukt (jf. Martin & Grube 2000: 157).

Stedsnavnene hos aztekerne og mixtekerne består av et topografisk element (grunnord) og et ledd som beskriver en eller flere egenskaper ved lokaliteten, som dyreliv, planteliv og forestillinger, f.eks. *Coatepec* 'slange-fjell', *Tenochtitlan* 'nær kaktusen med rød frukt',<sup>3</sup> *Culhuacan* 'sted for dem som har forfedre', *Zahuatlán* eller mixteknavnet *Yucu Nicat* 'fjellet som danset', *Yucunudahui* 'regngudens fjell', *Tepechpan* 'på den store stenen'. De enkelte herskerdømmene eller nasjonene hadde som menneskene egne kalendernavn.<sup>4</sup> F.eks. «fjellet av 7 vann» (7 vann er kalenderdatoen) som på mixtek het *Yucu Satuta* og på nahuatl *Zacatepec*. Dette var mytologiske datoer som hadde sitt opphav i et mystisk rituale eller fra dengang herskerdømmet ble grunnlagt (jf. Jansen 1992: 24, 27).

Takket være at mayaskriften ble dechiffrert på 1980-90-tallet vet vi nå mye mer om mayaenes navn (jf. Stuart & Houston 1994, Grube 2001). Systematiske undersøkelser siden 1800-tallet har gjort at mange av aztekerens stedsnavn er kjent. Forskning på stedsnavn hos mixtekerne begynte for alvor på 1970-tallet. Siden dengang har det blitt utgitt mange publikasjoner om stedsnavn hos mixtekerne (jf. Boone 2000).

## Litteratur

- Boone, Elizabeth H., 2000: *Stories in Red and Black: Pictorial Histories of the Aztecs and Mixtecs*. Austin: University of Texas Press.
- Grube, Nikolai, 2001: Los Nombres de los Gobernantes Mayas. *Arqueología Mexicana*. Vol. IX. No. 50 (2001) pp. 72–77.
- Jansen, Maarten, 1992: *Mixtec Pictography: Conventions and Contents*. Victoria Reifler Bricker (gen. ed.). Supplement to the Handbook of Middle American Indians. Vol. 5. Victoria Reifler Bricker (vol. ed.) with the Assistance of Patricia A. Andrews. *Epigraphy*, pp. 20–33. Austin. University of Texas Press.
- Martin, Simon & Nikolai Grube, 2000: *Chronicle of the Maya Kings and Queens*. London: Thames and Hudson.

<sup>3</sup> Tegnet for *Tenochtitlan* er i dag et emblem i Mexicos nasjonalflagg. Navnet henspeler på legenden om aztekernes grunnleggelse av *Tenochtitlan*.

<sup>4</sup> På nahuatl kalt for *altepetl* 'vannfjell' og på mixtek for *nuu teyu* 'stedets trone' eller *yuvui teyu* 'matten og tronen'.

Stuart, David & Stephen D. Houston, 1994: *Classic Maya Place Names. Studies in Pre-Columbian Art & Archaeology. No. 33.* Washington D.C.: Dumbarton Oaks Research Library and Collection.

Lars Kirkhusmo Pharo  
[l.k.pharo@ub.uio.no](mailto:l.k.pharo@ub.uio.no)

## BOKOMTALAR

### TYSK ATLAS OVER SLAVISKE NAMNETYPAR

*Atlas altsorbischer Ortsnamentypen. Studien zu toponymischen Arealen des altsorbischen Gebietes im westslawischen Sprachraum.* Heft 1. Hrsg. Ernst Eichler. Unter der Leitung von Inge Bily. Stuttgart 2000. 100 s. ISBN 3-515-07675-1

Leipzig har lenge vore eit kraftsentrum i tysk namnegransking, og Den 15. internasjonale namnegranskarkongressen vart t.d. halden her i 1984. Studiet av slaviske (sorbiske) namn i det austlege Tyskland har vore ein viktig del av verksemda ved dei to namnefaglege institusjonane her, Sektion Germanistik und Literaturwissenschaft ved Karl-Marx-Universität og Sächsische Akademie der Wissenschaften zu Leipzig. Eit omfattande studium av sorbiske namn i det austlege Tyskland ligg til grunn for den nye publikasjonsrekkja *Atlas altsorbischer Ortsnamentypen* under leiing av Inge Bily. Undertittelen lyder (i norsk språkdrakt): «Studiar av toponymiske areal i det gammalsorbiske området i det vestsлавiske språkkrommet». Til saman er det planlagt 5 hefte, og det fyrste som no er utkome, er eit innleiingsband som inneheld oversyn over kjelder, medarbeidarar m.m., oppbygging av stoffet, og ikkje minst ei inngåande metodedrøfting. Den rekonstruerte gammalsorbiske grunnforma er oppslagsform, men også den offisielle moderne forma er ført opp. Historiske belegg spelar ei viktig rolle for rekonstruksjon og for typologisering. For kvar namnetype er det teke med ei fullstendig liste over førekomst. Ved hjelp av symbol vil utgjevarane synleggjera ulike namne- og leddtypar på kart. Det er vel dette siste som har gjort at det er valt eit så stort format som A4. Det er grunn til å fylgja med i utgjevinga av dei fylgjande hefta – her vil det vera inspirasjon å henta for våre eigne namnegranskarar.

## FORSKA I NAMN

Kurt Zilliacus: *Forska i namn*. (Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland 640.) Helsingfors 2002. 290 s. ISBN 951-583-076-1; ISSN 0039-6842.

Kurt Zilliacus er vel ein av dei nordiske namnegranskarane som det oftast har vore vist til, ikkje minst har mange studentar funne inspirasjon i bøkene og artiklane hans. Særleg har *Ortnamnen i Houtskär* frå 1966 ofte vore drege inn i arbeidet med å klassifisera stadnamn. No kan den pensjonerte, men framleis aktive finske namnegranskaren gle lesarane sine med ei ny bok med den likeframme tittelen *Forska i namn*. Det er ei samling artiklar og andre tekstar som har vore publiserte ulike stader i den tida han var leiar for svensk namnegransking og namnerøkt ved Svenska litteratursällskapet og Forskningscentralen för de inhemska språken. Boka er delt i tre bolkar. Den fyrste inneheld tekstar m.a. omkring prosjektet Finlands svenska ortnamn og om stadnamn som del av kulturen. Ein artikkel fortel om forskingsbåten Rödän (underskrivne er mellom dei mange nordiske namnestudentar som har fått oppleve ei veke til sjøs i den finske skjergarden med kaptein Kurre til rors – ei ugløymeleg oppleving). Den andre bolken tek for seg artiklar om namneteori, m.a. om korleis stadnamn vert til. Når eg les denne teksten no, slår det meg at forfattaren etablerer ei rekkje ledd i namngjevingsprosessen (namngjevingsmotiv, namnebehov, namnetilverting, namngjeving) som teoretisk er godt gjennomtenkte, men som eg ikkje trur femner om framvoksteren av alle namn. Han seier då òg sjølv at «Så länge vi inte ens har någon egentlig överblick av hur man har gått till väga då namn har gets i mannaminne är vi hänvisade till hypotetiska bedömningar utgående från någon apriorisk grunduppfattning» (s. 146). Namngjevinga kan vera ein mangslungen prosess. Elles er her mykje interessant om namneledd og namnetypar som ein til dels kjenner att frå andre arbeid av forfattaren. Siste delen tek for seg namnerøkt der forfattaren på ulike måtar framhevar kor viktig det er med fagleg medverknad ved stadnamn i bruk på ulike område i samfunnet.

## OMTALE AV HOVUDOPPGÅVER

## NAVN I TOSPRÅKLIGE FAMILIER

Guro Reisæter: *Mitra, Jonas, Bjørk og Mohammed. Namn i tospråklige familier i Tromsø*. Hovedoppgåve i nordisk. Universitetet i Tromsø. Høsten 2001. 201 sider.

I sin hovedoppgave har Guro Reisæter undersøkt navn til barn med én eller to utenlandskfødte foreldre. Materialet omfatter alle de 808 barna med slik bakgrunn som er født i Tromsø i perioden 1977–1996. Hun har dessuten intervjuet 15 foreldrepar om navnevalg.

Det viktigste funnet er at det er betydelig med kompromiss i navnevalga, slik at navna passer i begge foreldras kultur. Dessuten er fornavna stort sett godt gangbare for norsktalende.

Når begge foreldra er født i Norden, får barna i hovedsak fornavn som er vanlige i landa til begge foreldra, deriblant en del typisk nordiske navn, som *Elin* og *Eirik*. Barn med én nordisk og en ikke-nordisk forelder får i hovedsak såkalte internasjonale fornavn, dvs. navn som er felles i vestlige land. Slike internasjonale navn blir òg brukt når begge er europeiske eller amerikanske. De mest typiske internasjonale navna i hele undersøkelsen er jentene *Maria* og *Anna* og guttene *Alexander* og *Jonas*.

Navnevalga er ganske annerledes for de 40 foreldrepara der begge er født utenom Vesten. 28 av disse velger navn som er uvanlige i Vesten i de tilfella der barnet får ett navn, dvs. i praksis fra hjemmekulturen. Når de får flere navn, er ofte ett av navna vanlig i vestlig kultur, gjerne fordi slike navn også er vanlige i landet de kommer fra.

Barnas mellom- og etternavn er òg undersøkt. Her er det særlig barn av to foreldre født utenfor Norden som skiller seg ut. De får helt unntaksvis mellomnavn, bare i 4 % av tilfella, mens det er rundt det tidoble ellers. De få tilfella utenfor Norden er dels europeiske foreldrepar fra land der slike skikker fins, og dels afrikanere som på denne måten får med seg sin patronymskikk, dvs. farens fornavn mellom for- og etternavn.

Intervjua med de 15 foreldrepara viser bl.a. hva de har lagt vekt på ved navnevalget i Norge. Det var særlig: videreføring av storfamiliens ønsker, valg av navn som er godt kjente både i hjemlandet og i Norge, navn som er lette å uttale i Norge, og oppkalling. Dessuten la noen vekt på andre trekk fra den hjemlige kulturen, som hva navna betyr og hensyn til stjerne-tegn.

I intervjua både med foreldra og de andre som er nevnt, kom det dessuten fram at noen hadde hatt problemer med de norske navnemyndighetene. Dels gjaldt det regler som har hindra videreføring av skikker fra opphavslandet, og dels gjaldt det tilfeller der de hadde fått avslag uten at de skulle ha fått

det. Noen vant fram med protester eller kom med alternative løsninger som ble godkjent, og andre brukte sin skikk hjemme og den norske ellers. Det kom òg fram at de norske navnekategoriene var vanskelige å forstå, bl.a. bruken av mellomnavn. Dessuten mente noen at skjemaene for navnemelding var vanskelige å fylle ut.

Reisæter har lang erfaring som norsklærer for innvandrere, og hadde derfor et stort nettverk i innvandrer miljøet. På denne måten kunne hun rimelig greit få tillit blant store deler av de mulige informantene, og få dem til å uttale seg forholdsvis åpent.

Folkeregisteropplysningene hun fikk, hadde en del feil av ulike årsaker. Noe var feilkategorisering av for-, mellom- og etternavn for folk med de mest fremmede skikkene. Reisæter peker på at årsakene til det kunne være at registerførerne ikke kjente navnetradisjonene, eller at innvandrerne sjøl som ikke har vært vant med norske kategorier da de ga navneopplysninger.

Hovedoppgava har ellers svært grundige og velskrevne framstillinger både om navneskikker i de landa som er representert i undersøkelsen, og om hvordan utenlandske navneskikker har vært behandla av norske myndigheter gjennom 1900-tallet. Framstillinga om at spanske kvinner skifter etternavn når de gifter seg, stemmer nok overens med utbredt daglig bruk, men er ulik opplysningene fra den spanske ambassaden om de offisielle reglene (jf. *Nytt om namn* nr. 32, s. 26).

Denne undersøkelsen har helt klart krevd en omfattende og kreativ innsats med kartlegging av skikker og analyse av navnedata. Alt dette har ganske sikkert også krevd mange ekstra kontroller av opplysninger fra informanter og andre kilder. Dette er et omfattende nybrottsarbeid på norsk.

Ivar Utne

[ivar.utne@nor.uib.no](mailto:ivar.utne@nor.uib.no)

## ALDER OG NAMN PÅ GARDAR I FUSA KOMMUNE

Kjersti Dalland: *Gardsnamn og gardsgrenser i Fusa kommune. Namnetypologien til gardsnamna sett på bakgrunn av ei relativ datering av gardane*. Hovudoppgåve ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Hausten 2001. 169 sider.

I Fusa kommune er det 15 til dels naturleg avgrensa bygder med gamle gardar. Kjersti Dalland har som hovudmål med si avhandling å kartleggje

den fyrste faste gardsbusettinga i desse 15 bygdene, og i den grad det er muleg, datere gardane absolutt og i høve til kvarandre. Dalland har nytta tradisjonelle metodar for å datere gardar frå mellomalderen eller eldre. Ho vurderer gardsgrenser, landskyld, eigedomstilhøve, arkeologiske funn, topografi og gardsnamn (Dalland føreset lik alder på gard og namn), og ved datering legg ho vekt på «kor mange kjelder som peikar i same retning».

I tillegg til å kartleggje den fyrste faste gardsbusettinga, har Dalland også undersøkt garddeling og utskiljing av nye gardar i perioden fram til 1500-talet. Avhandlinga er dermed ei kartlegging av gardsstrukturar i desse 15 bygdene frå den fyrste busettingstida og fram til seinmellomalderen.

Materialet utgjer gardar med eige gardsnummer (= matrikelnummer) som i hovudsak fell saman med omgrepet *namnegard*, dvs. det geografiske området som namnet omfattar. Ved samanslåing av to namnegardar eller ved deling av éin namnegard, blir den «opphavlege» namnegarden rekna som éin gard. Til saman blir dette 124 gardar i Fusa kommune, dei fleste mest sannsynleg eldre enn 1350, i oppgåva kalla *mellomaldergardar*. I tillegg kjem 8 forsvunne gardar som er omtala i eldre skriftlege kjelder. I dette høvet skal nemnast tabell 1 der alle desse gardane er ordna etter storleik (landskyld) med opplysning om gardsnummer, eigar 1647(?), eldste skriftform, og eventuelt arkeologiske funn med framlegg til datering av funnet, for kvar gard (s. 141ff).

Dalland gjer grundig greie for den eldste gardsstrukturen i desse 15 bygdene. For kvar bygd er det laga instruktive kart som syner gardsgrenser, eigedomstilhøve og kvar gards landskyld utrekna i laup. I oppsummeringa for kvar bygd foreslår Dalland kva som mest sannsynleg er primærgard(ar), og plasserer så dei yngre gardane i tid i relasjon til primærgarden.

Til samanlikning trekkjer Dalland inn to tilsvarande undersøkingar som er gjorde i dei tidlegare kommunane Fana og Arna, no begge del av Bergen. Kjeldene er Fana Bygdebok frå 1980 ved J. Larsen og Arna Bygdebok frå 2000 ved R. Andersen (litteraturlista har ikkje med førenamn på forfattarar). I Fana og Arna blir primærgardane jamt over førde tilbake til folkevandringstid eller noko før, medan primærgardane i dei 15 bygdene i Fusa syner ei noko meir varierende tidsgrense. Dette forklarar Dalland med at jordbrukstilhøva i Arna og Fana er betre og meir einsarta enn i Fusa, der dei ulike jordbrukstilhøva har ført til at nyetablering av gardar skjedd til meir ulike tider.

Namna på sikre og sannsynlege primærgardar blir omtala særskilt, og i både Fusa, Arna og Fana er det naturnamna som dominerer som namn på primærgardane. Etter mi utrekning har 11 av dei 13 (nesten) sikre primærgardane i Fusa eit usamansett eller samansett naturnamn, medan to primær-

gardar har kulturnamn (*Bolstad* og *Nordtveit/Hjartåker*). I tillegg har så mange som 9 eller 10 av dei 15 bygdene i Fusa namn etter primærgarden, anten same namn som primærgarden, eller relasjonsnamn som *Bergegrend* etter garden Berge, og *Revnastrand* etter garden Revna.

Dei fleste sekundærgardar i Fusa som er eldre enn år 1000, har namn på *-land*, *-tveit*, *-staðir*, *-vin* eller *-heim*, slår Dalland fast. I perioden 1000-1350 er rundt 30 nye gardar registrerte i Fusa, dvs. rundt 25 % av det totale gardtalet, og om namna på desse gardane skriv Dalland: «nær halvparten av mellomaldergardane har eit tydingsinnhald som viser at det har vore menneskeleg aktivitet på staden før det vart fast gardsbusetjing der» (s. 133). Den yngste gruppa med namn tilhøyrer 15 gardar som ikkje sikkert kan førast tilbake til før svartedauden (s. 134). Eit særtrekk ved desse namna er at alle er samansette, og i alt 10 av dei 15 gardsnamna er i bunden form.

Etter ein grundig gjennomgang og samanlikning av undersøkingane i Arna og Fana, konkluderer Dalland med eit samsvar som «i svært stor grad stadfestar funna i Fusa, både når det gjeld utnyttinga av kjeldene og når det gjeld gardsopptaking og namnetypologi». Dette er med og stadfester kvaliteten på dei metodane som ho har nytta.

Konklusjonane i hovudoppgåva byggjer på eit solid og grundig dokumentert førearbeid, og slik vil avhandlinga om den fyrste gardsbusettinga i Fusa vera eit verdfullt bidrag til den generelle norske busettingshistoria.

Margit Harsson

[margit.harsson@inl.uio.no](mailto:margit.harsson@inl.uio.no)

## NAMN PÅ BORTKOMNE GARDAR

Tore Engdahl Vaag: *De døde navn. Forsvunne gårdsnavn i et bosetningshistorisk lys*. Hovudfagsavhandling i nordisk språkvitskap. Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Hausten 2001. 118 sider.

Tore Engdahl Vaags hovudoppgåve er ei «bosetningshistorisk avhandling». Vaag ynskjer å teste ein hypotese om at dei såkalla forsvunne gardsnamna i NG kan «belyse den relative bosetningskronologien mellom gårdsnavnklassene *-vin*, *-heim*, *-staðir*, *-bø/-by*, *-land*, *-set*, *-tveit* og *-rud*» (i alt 8 namneklassar). Hypotesen føreset samanheng mellom ein gards alder og namnetype, og mellom ein gards alder og eventuell fråflytting og øydelegging etter svartedauden 1350. Ein føresetnad er det også at «det for-



svunne namnet» har tilhøyrt ein nedlagd gard. Teorien er at eldre gardar med eldre namnetype hadde betre overlevingsevne etter 1350 enn yngre gardar med yngre namnetype.

Materialet er såleis henta frå kapitla «Forsvundne Navne» som står etter kvart herad i NG. Andre kjelder enn NG er ikkje nytta. Vaag har registrert nær 1400 «forsvunne» namn i NG som tilhøyrrer dei nemnde namneklassane. Samstundes legg Vaag vekt på å notere eldstebelegg for kvart namn, for undersøkinga føreset at namnet (og garden) er eldre enn 1350. Gardsnamn med eldstebelegg til og med 1723 har Vaag definert som mellomaldernamn, sjølv om han er klar over at andre historikarar set grensa noko før, til 1600 eller så tidleg som 1500-talet. Gjenryddinga etter svartedauden begynte visse stader tidleg på 1520-talet. Men Vaag forsvarar 1723 som fremre grense for eldstebelegg med at så seint som 1660 var enno ikkje alle høg mellomaldergardar gjenrydda i landet. Derfor kan 1723-matrikkelen nyttast som kjelde til namn og gardar frå mellomalderen, og truleg gjeld dette særleg gardar med namn av den typen Vaag undersøker.

Nordland og Troms er ikkje med i undersøkinga. Mengda av forsvunne namn er så lita i desse fylka at det ikkje høver til statistiske analysar. Finnmark er heller ikkje med, for i dette bandet av NG manglar kapitla «Forsvundne Navne» av kjelde- og busettingshistoriske årsaker.

I eit eige kapittel gjer Vaag greie for nyare diskusjon om daterings- og tydingsproblem rundt dei 8 namneklassane, og særleg gjeld det namneledda *-staðir*, *býr/bær* og *-land*. Her er det ulike oppfatningar om «opphavleg» tyding og produktivitetsperiodar. Kunnskapen om namneklassane er såleis ikkje absolutt, og Vaag poengterer med rette at hans undersøking ikkje kan konkludere med absolutt kunnskap, men med meir eller mindre tydelege tendensar.

Vaag har formulert ein hypotese for kvart av dei åtte namneledda der han gjer bruk av teoriar om den relative alderen åt namneklassane. Det er hypotesar som seier noko om i kor stor grad den einskilde namneklassen er representert mellom dei forsvunne namna sett i høve til eksisterande namn i dag. Talet på forsvunne namn blir så samanlikna med det tilsvarande talet for overlevande namn. Dei to ytterpunkta i hypotesen er *vin*-namn som er minst representert, medan *ruð*-namn er mest representert.

Som konklusjon kjem Vaag fram til at hypotesane for *vin*, *heim* og *ruð*-namna er «klart oppfylt», for *staðir* og *set*-namna «oppfylt», medan hypotesen for *tveit*-namna ikkje er oppfylt, kanskje på grunn av for få namn. Uventa resultat syner namneklassane for *bær/býr*-namn og *land*-namn som i mykje mindre grad enn venta er representerte mellom forsvunne namn. Vaag foreslår mellom anna kjeldesituasjonen som muleg forklaring, eller at

«øydeprosentmetoden» eller «landskyldmetoden» er mindre brukande som relativ dateringsmetode for desse gardsnamnklassane.

Vaag har funne eitt namn, *Knallstad*, som ikkje er med i NG eller i Kåre Hoels Østfold-materiale. I skattematrikkelen 1647 blir husmannen «Poffuell Knallstad» omtala i Hvaler sokn. Grunnen til at Hoel har utelatt dette namnet, er sikkert fordi han har identifisert det med garden Knallstad i Vestby, Akershus.

Eit komprimert alfabetisk register over dei 1400 forsvunne namna med NG-tilvising hadde vore eit stort pluss for denne oppgåva. Vaag har vonleg dette namnematerialet i ein database som utan mykje meirarbeid kunne vore eit tillegg i hovudoppgåva, eit tillegg som namnegranskarar og andre interesserte kunne hatt stor nytte av.

Margit Harsson

[margit.harsson@inl.uio.no](mailto:margit.harsson@inl.uio.no)

### NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.

8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,- og rapporten frå den niande kostar kr 100,-. Kan tingast frå Seksjon for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tel. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [k.j.myrvoll@inl.uio.no](mailto:k.j.myrvoll@inl.uio.no)

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG WEB-SIDER

Vil du ha e-post-kontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: [gunnstein.akselberg@hf.uib.no](mailto:gunnstein.akselberg@hf.uib.no)

Vil du tinga bøker og skrifter frå Seksjon for namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-post til:

Seksjon for namnegransking, Boks 1011 Blindern, 0315 OSLO  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [k.j.myrvoll@inl.uio.no](mailto:k.j.myrvoll@inl.uio.no)

Seksjonen har denne heimesida:  
[www.hf.uio.no/inl/sna/namn.html](http://www.hf.uio.no/inl/sna/namn.html)

Dokumentasjonsprosjektet har denne heimesida:  
[www.dokpro.uio.no](http://www.dokpro.uio.no)

Statens kartverk, Hønefoss:  
[www.statkart.no](http://www.statkart.no)

Sentralt stadnamnregister:  
[ngis2.statkart.no/norgesglasset/stedsnavn/default.html](http://ngis2.statkart.no/norgesglasset/stedsnavn/default.html)

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: [hum.ku.dk/navnef](http://hum.ku.dk/navnef), [www.kms.dk](http://www.kms.dk)

Færøyane: [www.setur.fo/fgransk.html](http://www.setur.fo/fgransk.html), [www.matrikul.fo](http://www.matrikul.fo)

Finland: [www.kotus.fi/svenska](http://www.kotus.fi/svenska), [www.nls.fi](http://www.nls.fi)

Island: [www.ismal.hi.is/ornefnanefnd.html](http://www.ismal.hi.is/ornefnanefnd.html), [www.ornefni.is](http://www.ornefni.is), [www.lmi.is](http://www.lmi.is)

Sverige: [www.dal.lu.se/sofi/namnavd.htm](http://www.dal.lu.se/sofi/namnavd.htm), [www.lantmateriet.se](http://www.lantmateriet.se)

Heimesida åt NORNA:

[www.norna.org](http://www.norna.org)

Heimesida åt International Centre of Onomastics/ICOS:

[fuzzy.arts.kuleuven.ac.be/icosweb/](http://fuzzy.arts.kuleuven.ac.be/icosweb/)

Heimesida åt UNGEGN (som er eit eige oppslag under heimesida åt The Canadian Permanent Committee on Geographical Names):

[geonames.nrcan.gc.ca/english/unindex.html](http://geonames.nrcan.gc.ca/english/unindex.html)

**Returadresse:**

Seksjon for namnegransking

Postboks 1011 Blindern

0315 Oslo

ISSN 0800 – 4676